



ÅRSMELDING

KVITSEID KOMMUNE



2020

Innhald

1.	Innleiing.....	3
1.1.	Rådmannen si innleiing.....	3
2	Samfunnsutvikling.....	4
2.1	Rapport handlingsprogram.....	4
2.2	Samfunnstryggleik og beredskap.....	4
3	Økonomi.....	5
3.1	Det økonomiske resultatet.....	5
3.2	Driftsresultat.....	6
3.3	Inntektsutvikling – overordna.....	6
3.4	Kraftinntekter.....	7
3.5	Utgifter – overordna.....	7
3.6	Likviditet.....	8
3.7	Gjeld og avdrag.....	8
3.8	Fond.....	9
3.9	Verksemda.....	10
3.10	Investeringar.....	15
3.11	korona.....	17
4	Organisasjon - medarbeidarar.....	19
4.1	Rapport handlingsplan.....	19
4.2	Tilsette.....	20
4.3	Personalpolitikk.....	21
4.4	HMS.....	22
4.5	Likestilling.....	23
4.6	Intern kontroll og etikk.....	23
5	Sektorovergripande tenester.....	24
5.1	Rapport handlingsplan.....	24
5.2	Rådmann og Fellestenester.....	24
6	Helse og omsorg.....	25
6.1	Sektorleiing:.....	25
6.2	Kviteseid omsorgssenter(KOS).....	26
6.3	Heimetenestene.....	27
6.4	Kjøken.....	29
6.5	Eining for funksjonshemma.....	30
6.5	Eining for helse.....	30
7	Skule og barnehage.....	37
7.1	Status og utfordringar i skule og barnehage.....	37
7.2	Einskildvedtak i skule og barnehage.....	39
7.3	Kulturskulen.....	42
7.4	Vaksenopplæring.....	42
7.6	Felles handlingsplan:.....	43
8	Samfunnsutvikling og teknisk drift.....	45
8.1	Nærings- og lokalsamfunnsutvikling.....	45
8.2	Landbrukskontoret.....	47
8.3	Teknisk drift og VAR.....	49
8.4	Nøkkeltal for teknisk drift.....	52
10.	Interkommunalt samarbeid.....	53
10.1	Barnevernstenesta.....	53
10.2	NAV.....	58
10.3	Plankontoret.....	61

1. Innleiing

1.1. Rådmannen si innleiing

Årsmeldinga er ein del av årsrekneskapen, og ho er skriva til kommunestyret for å gjeva eit samla oversyn over det kommunale tenestetilbodet i året som har gått. Dokumentet er omfattande, men det same kan ein seie om dei kommunale tenestene. Årsmeldinga er difor laga ikkje bare som ei melding om året som har gått, men som ei oversikt over utviklinga og som ei rettesnor i høve til prioriteringar som skal gjerast i åra som kjem.

Rekneskapen for 2020 syner eit meirforbruk før strykningar på kr 5 126 328,- (Sjå side 13 oversikt samla budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjonar F §5-9) Underskotet er dekt inn ved å stryke kr 5 122 535 i overføring til investering og bruk av disposisjonsfond på kr 3 793,- til dekking av meirforbruket i 2019. Grunna stryking av overføring til investeringsrekneskapet vert investeringsrekneskapet avslutta med eit udekkka beløp på kr 3 638 328,- som ein må finne inndecking til i løpet av 2021.

Målet om 1,7 % netto driftsresultat er ikkje nådd.

Netto driftsresultat er negativt med kr 6 293 000,-. Dette utgjør -2,27 %.

KS tilrår å ha eit netto driftsresultat på 1,75%. Vi er langt frå å oppnå eit slikt resultat, og det må forventas upopulære tiltak for å nå dette målet.

Dei frie fondsmidlane våre vart redusert som følgje av underskotet i 2019 og 2020, noko som gjer oss meir sårbare for uventa kostnader.

Arbeidet med budsjett og rekneskap har vore krevjande. I samband med gjennomgang av budsjettet vart det spart inn fleire stillingar.

Den vanskeleg økonomiske situasjonen har og ført til at statsforvaltaren for Vestfold og Telemark har oppheva driftsbudsjett 2021 og økonomiplan 2022 – 2024.

Kviteseid kommune er meldt inn i ROBEK, og det må jobbast med å lage ein tiltaksplan for å få driftsbudsjett og økonomiplan i balanse.

Kviteseid kommune får ikkje lenger ta i mot nye flyktingar. Det vert jobba med å finne relevante arbeids- eller studieplassar til flyktingane våre.

Vi leiger vaksenopplæringsplassar i Seljord og grunnskuleplassar i Vinje og Tokke. Dette fungerer godt. Flyktingtenesta er skalert ned og arbeidsoppgåvene flytta over til NAV.

Årsmeldinga viser litt av breidda i det arbeidet som vert utført i løpet av eit år. Alle innbyggjarane i kommunen er påverka av det arbeidet som skjer i kommunen, og det er difor med glede og legg fram årsmeldinga, og seier: God lesing.

Øystein Tveit
Rådmann

2 Samfunnsutvikling

2.1 Rapport handlingsprogram

Handlingsprogrammet er oppbygde av handlingsplanar for einingane og ein overordna handlingsplan som er felles for alle.

Det nye overordna målet for utviklinga av Kviteseid kommune går fram av samfunnsdelen:

Mål: Kviteseid kommune skal ha ein positiv folketalsvekst. Veksten skal i hovudsak skje i aldersgruppa 20 – 40 år med ein årleg vekst i overkant av 1% og 15% innan 2029.

Gode kommunale tenester blir frå mange hald teke fram som ein viktig attraksjonsfaktor. Resultat frå ulike analyser av vår tenesteproduksjon syner at me absolutt har eit omfang og ein kvalitet på dei kommunale tenestene som gjev grunnlag for at me skal vera eit livskraftig bygdesamfunn. Som tidlegare år er administrasjonen oppteken av å nytte objektive kriterium som utgangspunkt for dei prioriteringar og utviklingstiltak som vert sett i verk. Det gjev grunnlag for den målretta satsinga som vert dregen fram i dette målet.

Tiltak i handlingsplanen	Resultat
<i>Utarbeidde planar i tråd med vedteken planstrategi.</i>	<i>Delvis fullført</i>
<i>Klima og miljøplan Vest-Telemark</i>	<i>Arbeid starta via Vest-Telemark rådet</i>
Kommunedelplan kulturminne	Ferdig

2.2 Samfunnstryggleik og beredskap

Ansvar for felles samfunnstryggleik og beredskap vart overført til teknisk avdeling i februar 2020 og beredskapskoordinatorstillinga er ein del av fagleiarstillinga. Pga. koronasituasjonen har det vore eit aktivt år for beredskapsleiinga. Beredskapsleiinga har hatt jamlege møte gjennom året der ein har hatt statusoppdateringar og drøfta tiltak. Ein har valt å fylgje nasjonale råd og har hatt få ekstra restriksjonar. Forbodet mot bruk av fritidsbustadar i perioden mars-mai var nok det tiltaket som har ført til flest reaksjonar.

Tilsette i kommunen og innbyggjarane i Kviteseid har vore flinke til å fylgje opp råda om smitteverntiltak. Næringslivet har tatt sin del av den felles dugnaden og har gjort ein stor innsats med fylgje opp tiltak og restriksjonar. Resultatet er at det bare er ein person som har adresse til Kviteseid som har blitt smitta og ingen som bur i kommunen. I tillegg har ein hatt personar som har vore smitta og som har vore på fritidsbustaden sin.

Arbeidet med smitteverntiltak fortsett inn i 2021 og eit håp om at vaksinasjonen vil få kontroll på smittesituasjonen.

Tiltak	Resultatindikator
<i>Opplæring i CIM</i>	<i>Pga. smittesituasjonen så har Fylkesmannen avlyst alle øvingar i 2020. CIM blir mykje bruka i informasjon- og rapporteringsarbeidet i koronasituasjonen</i>
<i>Beredskapsøving – PLIVO Kviteseid skule</i>	<i>Ingen fullskala PLIVO øving gjennomført. Øving saman med naudetatane der evakuering var tema er gjennomført.</i>

3 Økonomi

3.1 Det økonomiske resultatet

Rekneskapen for 2020 er fyrste rekneskapen som er utarbeidd etter *Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv.*

Etter ny lov skal meirforbruk/mindreforbruk dekkast opp eller settast av ved bruk av disposisjonsfond så lenge det er tilgjengelege midlar på fondet.

§ 4-1. Regnskapsføring av budsjettdisposisjoner

Ved avslutningen av regnskapet skal bruk av og avsetning til disposisjonsfond og ubundet investeringsfond, overføring fra drift til investering og dekning av tidligere års merforbruk og udekket beløp regnskapsføres i samsvar med budsjettet. I tillegg regnskapsføres bruk av og avsetning til disposisjonsfond og ubundet investeringsfond og overføring fra drift til investering som er vedtatt av underordnet organ

§4-2 Strykninger av budsjettdisposisjoner og bruk av disposisjonsfond ved merforbruk i driftsregnskapet.

Hvis driftsregnskapet viser et merforbruk etter at disposisjonene i § 4-1 er gjennomført, skal merforbruket reduseres så mye som mulig ved å

- a) *stryke overføring til investering*
- b) *stryke avsetning til disposisjonsfond*
- c) *stryke inndekning av tidligere års merforbruk.*

Overføring av midler som etter lov eller avtale er reservert for særskilte formål, kan likevel ikke strykes etter bokstav a. Strykninger etter bokstav a og b gjennomføres så mye som mulig før det foretas strykninger etter bokstav c.

Hvis regnskapet fortsatt viser et merforbruk etter strykningene, skal merforbruket reduseres ytterligere ved bruk av disposisjonsfond, så lenge det er tilgjengelige midler på fondet. Den delen av disposisjonsfondet som i det opprinnelige budsjettvedtaket for året etter regnskapsåret brukes til å finansiere driftsbudsjettet, kan likevel ikke brukes til å redusere merforbruket. Et merforbruk som ikke kan reduseres etter første punktum, fremføres til inndekning etter kommuneloven § 14-11 eller § 14-12.

Kviteseid kommune sin rekneskap for 2020 viser eit meirforbruk i driftsrekneskap på kr 5 126 328,- som er dekkja inn ved å stryke kr 5 122 535,- i overføring frå drift til investering, og kr 3 793,- bruk av dispensasjonsfond for inndekning av tidlegare års meirforbruk.

Strykningane består av fylgjande budsjettdisposisjonar:

Tekst	Beløp
DEKKING AV UDEKKA MEIRFORBRUK 2019, SAK INVESTERING 49/20 1. Budsjettrevisjon	1 484 535,00
BRUK AV DISP.FOND - KJØP AKSJAR I NÆRINGSPARKEN, SAK 75/19 BUDSJETT 2020	3 000 000,00
OVERFØRING TIL INVESTERING, EIGENKAPITALINNSKOT KLP, SAK 75/19 OG 90/20	638 000,00

Etter strykiningen viser rekneskapet eit meirforbruk på kr 3 793,- dette vert dekt opp ved bruk av disposisjonsfond.

Investeringsrekneskapet er avslutta med eit udekkja beløp på kr 3 638 339,- som fylgje av strykinga i overføring frå drift til investering og etter stryking av avsetnad til ubunde investeringsfond med kr 315 728,-

Stryking består av fylgjande budsjettdisposisjonar:

Tekst	Beløp
SAL KILEN GRENDEHUS, SAK 90/20	315 728,00

3.2 Driftsresultat


For at kommunes handlingsevne vert ivaretatt over tid, skal kommunane ha vedtatt økonomiske måltal.

Resultat og måltal for Kviteseid kommune i 2020:

Måltal i % av driftsinntekter (kr 277mill)	Anbefalt nivå	Måltal for Kviteseid kommune	2020
Netto driftsresultat	1,75%*	>0%	-2,27 %
Disposisjonsfond	5% - 10%	5,0 %	3,22 %
Renter og avdrag	2% - 3%	3,0 %	3,73 %

Netto driftsresultat

Eit netto driftsresultat på 1,75% er tilrådd av «Det tekniske berekningsutval for kommunal og fylkeskommunal økonomi», eit utval oppnemnd av kommunal og moderniseringsdepartementet.



3.3 Inntektsutvikling – overordna

Det overordna formålet med inntektssystemet er å gjere det mogleg for kommunane å gjeva eit likeverdig tenestetilbod til sine innbyggjarar. For å oppnå dette målet vert det ved fordelinga av rammetilskot teke omsyn til strukturelle ulikskapar mellom kommunane (utgiftsutjamning) og ulikskapar i skatteinntektene (inntektsutjamning). Rammetilskotet utgjer

saman med skatteinntektene dei frie inntektene som kommunane kan disponere fritt innanfor gjeldande lover og forskrifter.

Sjølv om vi har sett ein nominell auke av kommunen sine frie inntekter dei siste åra, så tyder ikkje det at handlefridomen til kommunen har forbetra seg. Fleire øyremerkte tilskot er nå innlemma i dei frie inntektene. Pålagte oppgåver som var knytt til desse tilskota bind på denne måten delar av dei såkalla frie inntektene.

Vi ser framleis at frie inntekter stig mindre enn hjå dei fleste kommunane som vi kan samanlikna oss med. Dette i skuldast i hovudsak den demografiske utviklinga i Kviteseid med ein jamn nedgang av innbyggjarar mellom 6-15 år, som er blant den «tunge» tilskotsgruppa. Samstundes som gruppa 67 år + aukar.


Endring folketal 2020						
01.01.2020	Personer				Sum	31.12.2020
	0-5 år	6-15 år	16-66 år	67 år +		
2 403	-1	-8	3	33	27	2 430

3.4 Kraftinntekter

Kviteseid kommune er ikkje ein kraftkommune i det omfanget som ein del av dei andre kommunane i regionen er. Men samstundes er det viktig å understreke at «kraftinntekter» er ein del av vårt inntektsgrunnlag. I 2017 blei det annonsert nytaksering av kraftlinjene til Statnett og Vest-Telemark kraftlag. Det vart laga ein revidert takst som tok høgde for endringar av høgsterettsdom i 2017. Det var varsla nytaksering for 2019 denne er ennå ikkje gjennomført. Det er knytt stor uvisse korleis ein nytaksering vil slå ut for kommunen framover.

Kviteseid kommune har med bakgrunn i ei avtale frå 2011, også kalla 8.kommunars avtale, satt av overskotet på sal av konsesjonskraft til næringsformål. Eventuelt overskot av desse midlane vert satt på fond til seinare år, dette er det vi kallar fritt næringsfond.

Grunna resultatet for 2020 vart denne avsetninga utsett for stryking.




3.5 Utgifter – overordna

I 2020 er driftsutgiftene inkl. avskrivningar på kr 290,2 mill. Barnevernssamarbeidet i Vest-Telemark er ein del av Kviteseid kommune sitt rekneskap. Samarbeidet vert avrekna med medlemskommunane i slutten av året, slik at nettoresultatet for barnevernet som kjem fram i

Kviteseid sitt driftsrekneskap, er Kviteseid sin andel. Utgifts- og inntektssida blir på den måten «blåst opp» med ca. 31,3 mill. Tilsvarande beløp i 2019 var ca. 32,1 mill.

3.6 Likviditet

Likviditeten fortel noko om kommunane si evne til å svare for sine økonomiske plikter. Det er ikkje noko mål i seg sjølv å ha så god likviditet som mogleg, men å ha tilstrekkeleg likviditet til å fange opp løpande differanse mellom utbetalingar og innbetalingar. Likviditetsgrad 1. er eit nykjeltal som vert berekna ved å dele omløpsmidlar på kortsiktig gjeld. Talet bør vera større enn 2. Ser ein på utviklinga frå 2018 har likviditetsgrad 1. gått frå 1,8 til 1,34 i 2020. Dårlegare likviditet gjennom året krev meir oppfølging og tilpassing av inntekter og betalingsforpliktingar.




Figur: Likviditetsgrad 1 for åra 2013 til 2020

3.7 Gjeld og avdrag


Minste tillate avdrag skal vere lik årets avskrivningar justert for sum avskrivbare anleggsmiddel og langsiktig gjeld eks pensjonsforpliktingar og lån til vidareutlån.pr 01.01.

Figuren under viser utvikling gjeld per 01.01 og avdrag 2014 – 2020:



Kommunen har ved utgangen av 2020 ei langsiktig ordinær lånegjeld på kr.187,1 millionar inkludert startlån frå Husbanken som er til vidare utlån til innbyggjarane. Per 31.12.2020 er samla utlån av startlån inkludert sosiallån kr 7,58 mill. Ubrukte startlån er på kr 24 767,- I tillegg er det eit utlån på kr 28,5 mill. til Vest-Telemark kraftlag som påverkar nykjeltal «netto lånegjeld pr. innbyggjar».

Dette inneber at Kviteseid kommune pr 31.12.2020 har ei langsiktig lånegjeld (eksklusive formidlingslån) tilsvarande kr 74 000,- pr. innbyggjar. Netto lånegjeld pr. innbyggjar (langsiktig lånegjeld ekskl. pensjonsforpliktingar redusert med utlån og ubruka lånemidlar delt på talet på innbyggjarar) er på 62 146,-



Tabell: Utvikling gjeld per innbyggjar 2013-2020

Den langsiktige gjelda i kommunen kan delast inn i pensjonsplikter og andre lån (sjå tabellen under). Vi har ordinære lån som vert nytta til å finansiere investeringane til kommunen. Disse utgjer kr. 179,25 millionar pr. 31.12.

Den andre kategorien er startlån frå Husbanken, som etter bestemte vilkår blir lånt vidare ut til innbyggjarane som utgjer kr 7,84 millionar pr. 31.12. Avdrags- og renteutgiftene me betalar til Husbanken skal i prinsippet vera lik avdrag og renter som vi mottek frå lånetakarane. Pensjonsplikter er plikter som Kviteseid kommune har ovanfor KLP og SPK i høve til berekna framtidig pensjonsutbetaling. Disse pliktene er delvis dekt av pensjonsmidlar som også kjem fram i balanserekneskapet under anleggsmidlar.

1000 kr	Rekneskap 2015	Rekneskap 2016	Rekneskap 2017	Rekneskap 2018	Rekneskap 2019	Rekneskap 2020
Pensjonsplikter (note nr. 2)	296 436	308 047	324 669	327 230	345 172	333 207
Lån	111 546	109 429	124 473	132 989	167 769	187 100
Langsiktig gjeld	407 982	417 476	449 142	460 219	512 941	520 307

Tabell: Samansetning av den langsiktige lånegjelda pr. 31.12.2020

3.8 Fond

Kommunane sine fond vert delt i fire hovudgrupper.


1. Disposisjonsfond som kan nyttast til alle føremål.
2. Bundne driftsfond som berre kan brukast til øyremerkte føremål på driftssida.
3. Ubundne investeringsfond som kan nyttast fritt, men berre til investeringar.
4. Bundne investeringsfond som berre kan brukast til bestemte investeringar.

Tabellen nedanfor viser utviklinga av fonda sidan 2013. Den totale fondsbeholdninga vart redusert med kr 10,694 mill. frå 2019 til 2020. Derav disposisjonsfonda med kr 9,692 mill.

Delar av disposisjonsfonda (fritt næringsfond) er bunde opp i tidlegare budsjettvedtak.

	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Disposisjonsfond	9 855	5 139	8 405	12 271	17523	19 064	18 619	8 927
Bundne driftsfond	6 636	8 550	8 218	8 984	9846	13 997	13 592	12 918
Ubundne investeringsfond	0	0	0	0	0	0	0	0
Bundne investeringsfond	164	138	105	442	824	355	328	0
Sum fond	16 655	13 827	16 728	21697	28193	33416	32539	21845

Tabell: Utvikling av fond



Tabell: Fond fordel på bunde og ubunde

3.9 Verksemda

	Rekneskap 2020	Revidert budsjett 2020	Opphavelg budsjett 2020	Rekneskap 2019	Avvik rekneskap mot revidert budsjett	Avvik rekneskap mot opphevleg budsjett
Fordeling av driftsutgifter (1 000 kr)						
Fordeling av driftsutgifter fra bevilgningsoversikt	188 302	184 018	177 218	183 066		
Driftsuaavhengige inntekter/utgifter						
Netto driftsutgifter	0	0	0	0	0	0
Fonds (+ er avsetnad/ - er bruk)	1 583	1 582	1 480	1 583	1	103
Disposisjonsfond Fonds (+ er avsetnad/ - er bruk)	0	0	0	0	0	0
Netto ramme	1 583	1 582	1 480	1 583	1	103
Fordeling av driftsutgifter fra bevilgningsoversikt	188 302	185 418	177 218	183 066		
Politisk verksemd:						
Netto driftsutgifter	3 183	3 092	5 219	3 402	91	-2 036
Fonds (+ er avsetnad/ - er bruk)	-267	-277	0	0	10	-267
Disposisjonsfond Fonds (+ er avsetnad/ - er bruk)	-9 105	-9 101	-430	-733	-4	-8 675
Netto ramme	-6 189	-6 286	4 789	2 669	97	-10 978
Rådmannen: (Budsjettansvarleg Øystein Tveit)						
Netto driftsutgifter	3 722	4 053	5 716	6 127	-331	-1 994
Fonds (+ er avsetnad/ - er bruk)	105	0	0	-31	105	105
Netto ramme	3 827	4 053	5 716	6 096	-226	-1 889
Fellestene: (Budsjettansvarleg Tore Åslandl)						
Netto driftsutgifter	13 078	11 929	3 251	7 997	1 149	9 827
Fonds (+ er avsetnad/ - er bruk)	442	-597	0	-545	1 039	442
Disposisjonsfond Fonds (+ er avsetnad/ - er bruk)	-852	-852	-983	0	0	131
Netto ramme	12 668	10 480	2 268	7 452	2 188	10 400
NAV: (NAV Tokke)						
Netto driftsutgifter	3 566	3 480	3 480	3 615	86	86
Fonds (+ er avsetnad/ - er bruk)	-6	0	0	0	-6	-6
Netto ramme	3 560	3 480	3 480	3 615	80	80
Barnevern (Budsjettansvarleg Gunn Annie Hellestad)						
Netto driftsutgifter	5 166	5 422	5 444	4 296	-256	-278
Fonds (+ er avsetnad/ - er bruk)	-244	0	0	970	-244	-244
Netto ramme	4 922	5 422	5 444	5 266	-500	-522
Sektorleing helse og omsorg: (Budsjettansvarleg Olav Kaasa)						
Netto driftsutgifter	3 208	3 270	3 461	4 411	-62	-253
Fonds (+ er avsetnad/ - er bruk)	-80	0	0	-1062	-80	-80
Netto ramme	3 128	3 270	3 461	3 349	-142	-333
Kviteseid omsorgssenter (KOS): Budsjettansvarleg Elise Foldøy)						
Netto driftsutgifter	22 567	22 401	23 315	23 694	166	-748
Fonds (+ er avsetnad/ - er bruk)	125	0	0	12	125	125
Netto ramme	22 692	22 401	23 315	23 706	291	-623
Heimetenestene: (Budsjettansvarleg Elisabeth Riis)						
Netto driftsutgifter	16 714	16 364	17 697	15 915	350	-983
Fonds (+ er avsetnad/ - er bruk)	-7	0	0	-248	-7	-7
Netto ramme	16 707	16 364	17 697	15 667	343	-990
Kjøkken: (Budsjettansvarleg Kristian Versto)						
Netto driftsutgifter	2 985	2 938	416	711	47	2 569
Fonds (+ er avsetnad/ - er bruk)	0	1	2	0	-1	-2
Netto ramme	2 985	2 939	418	711	46	2 567

	Rekneskap 2020	Revidert budsjett 2020	Opphøveleg budsjett 2020	Rekneskap 2019	Avvik rekneskap mot revidert budsjett	Avvik rekneskap mot opphevleg budsjett
Fordeling av driftsutgifter (1 000 kr)						
Funksjonshemma: (Budsjettansvarleg Unni Øygarden)						
Netto driftsutgifter	20 264	20 192	21 700	20 885	72	-1 436
Fonds (+ er avsetnad/ - er bruk)	6	0	0	10	6	6
Netto ramme	20 270	20 192	21 700	20 895	78	-1 430
Helsete: (Budsjettansvarleg Lill Iren Djuve)						
Netto driftsutgifter	16 190	15 843	13 965	14 592	347	2 225
Fonds (+ er avsetnad/ - er bruk)	-438	-438	0	-552	0	-438
Netto ramme	15 752	15 405	13 965	14 040	347	1 787
Annan undervisning: (Budsjettansvarleg Ingunn Haugland)						
Netto driftsutgifter	7 546	6 901	7 662	7 071	645	-116
Fonds (+ er avsetnad/ - er bruk)	-11	55	55	360	-66	-66
Netto ramme	7 535	6 956	7 717	7 431	579	-182
Kviteseid skule: (Budsjettansvarleg Sigrun Kvamme)						
Netto driftsutgifter	22 811	22 318	21 296	22 629	493	1 515
Fonds (+ er avsetnad/ - er bruk)	-245	-254	-154	-480	9	-91
Netto ramme	22 566	22 064	21 142	22 149	502	1 424
Straumsnes oppvekstseier, Vrådal: (Budsjettansvarleg Sigrun Kvamme)						
Netto driftsutgifter	2 931	2 765	3 968	4 343	166	-1 037
Fonds (+ er avsetnad/ - er bruk)	-55	0	0	-114	-55	-55
Netto ramme	2 876	2 765	3 968	4 229	111	-1 092
Kviteseid barnehage: (Budsjettansvarleg Eva Lundeberg)						
Netto driftsutgifter	6 324	6 258	6 508	6 365	66	-184
Fonds (+ er avsetnad/ - er bruk)	-54	0	0	-23	-54	-54
Netto ramme	6 270	6 258	6 508	6 342	12	-238
Brunkeberg oppvekstseier (Budsjettansvarleg Sigrun Kvamme)						
Netto driftsutgifter	8 088	8 069	8 127	8 294	19	-39
Fonds (+ er avsetnad/ - er bruk)	153	0	0	-10	153	153
Netto ramme	8 241	8 069	8 127	8 284	172	114
Samfunnsutvikling og teknisk drift: (Budsjettansvarleg Olav Kjetil Greivstad)						
Netto driftsutgifter	30 686	29 816	27 316	28 574	870	3 370
Fonds (+ er avsetnad/ - er bruk)	-1 890	-2 083	-901	-67	193	-989
Disposisjonsfond Fonds (+ er avsetnad/ - er bruk)	265	240	-37	-55	25	302
Netto ramme	29 061	27 973	26 378	28 452	1 088	2 683
VAR: (Budsjettansvarleg Olav Kjetil Greivstad)						
Netto driftsutgifter	-728	-1 092	-1 322	145	364	594
Fonds (+ er avsetnad/ - er bruk)	209	692	692	136	-483	-483
Netto ramme	-519	-400	-630	281	-119	111
SUM NETTO UTGIFTER I DRIFT						
	188 301	184 019	177 219	183 066	4 282	11 082
Fonds (+ er avsetnad/ - er bruk)	-10 366	-11 032	-276	-849	666	-10 090
Netto ramme	177 935	172 987	176 943	182 217	4 948	992
SEKTORFORDELTE NETTO RAMME:						
SEKTOROVERGRIPANDE	20 371	18 731	23 177	26 681	1 640	-2 806
SEKTOR HELSE OG OMSORG	81 534	80 571	80 556	78 368	963	978
SEKTOR SKULE OG BARNEHAGE	47 488	46 112	47 463	48 435	1 376	26
SEKTOR SERVICE OG UTVIKLING	28 542	27 573	25 748	28 733	969	2 794
NETTO RAMME	177 935	172 987	176 944	182 217	4 948	992

Tabell: Oversyn verksemd

Sektorovergripande einingar

Politisk verksemd

Samla meirforbruk på eininga er kr 97`

Avviket på meirforbruk kr 97` skyldast i hovudsakt overføring til nytt revisjonsselskap. Her er det tatt ut tilsvarande utbytte som kjem fram under bevilgningsoversikt drift §5-4. 1.ledd.

Rådmannen

Samla mindreforbruk på eininga er kr 226`

Avviket på mindreforbruket skyldast kr 135` Mindre tilskot til plankontoret, kr 35` mindreforbruk opplæring/kurs, mindreforbruk på kr 34` på flyktingtenesta, mindreforbruk kr 16` generelt på rådmannsansvaret og mindreforbruk på kr 6` på personalansvara.

Økonomi og fellesteneste

Samla meirforbruk på eininga er kr 2 188`

Avviket på meirforbruket skuldast kr 115` kjøp av løn og rekneskapstenester frå Nissedal kommune, kr 70` meirforbruk sikringsordninga ført på økonomiansvaret, kr 26` reduserte inntekter frå IKS, kr 208` auka kostand kommuneavtala for breiband telefoni og avgifter, kr 45` tilskot til andre trudomssamfunn og kr 1 894` Premieavvik KLP og SPK .

Det er eit mindreforbruk på kr 170` grunna refusjon frå staten og reduserte driftsutgifter på ansvar for fellestenester.

NAV

Samla meirforbruk på eininga er kr 80`

Avviket på meirforbruket skuldast kr 80` auka administrasjonskostnader i refusjonskrav frå Tokke kommune.

Barnevern

Samla mindreforbruk på eininga er kr 500`

Avvik på mindreforbruk skuldast kr 500` i mindreforbruk både i og utanfor familien.

Helse og omsorg

Helseadministrasjon

Samla mindreforbruk på eininga er kr 142`

Avvik på mindreforbruk skuldast kr 142` refusjon frå staten som gjeld kompetansemidlar som er ført ute på einingane.

KOS

Samla meirforbruk på eininga er kr 291`

Avviket på meirforbruket skuldast kr 33` annonseutgifter, kr 32` kjøp av inventar og utstyr og kr 226` kjøp av helsetenester.

Heimetenestene

Samla meirforbruk på eininga er kr 343`

Avviket på meirforbruket skuldast kr 170` i meirutgifter løn på alle ansvara i eininga og kr 173` i mindreinntekter refusjon frå staten.

Kjøkken

Samla meirforbruk på eininga er kr 46`

Avviket på meirforbruket skuldast kr 46` lønsutgifter.

Eining for funksjonshemma

Samla meirforbruk på eininga er kr 78`

Avviket på meirforbruket skuldast kr 78` i mindreinntekter refusjon frå staten

Helse

Samla meirforbruk på eininga er kr 347`

Avviket på meirforbruket skuldast kr 23` auka kostnad jordmorsamarbeidet, kr 215` meirforbruk medisinsk forbruksmaterieill, kr 200` kjøp av helseteneter av andre auka kostnad legevakta natt, kr 144` redusert inntekter og refusjon frå staten for fysioterapi og kr 350` mindreinntekter refusjon frå staten på ansvaret for psykisk helse.

Det er mindreforbruk på eininga på kr 50` auka brukarbetaling og kr 50` lønsutgifter ved helsestasjonen. Kr 163` mindreforbruk lønskostnader, kr 300` auka refusjon frå staten eigenandelar og kr 22` mindreforbruk av varer og tenester ved legekantoret.

Skule og barnehage

Anna undervisning

Samla meirforbruk på eininga er kr 579`

Avviket på meirforbruket skuldast kr 300` ført leasing av i pad til skule og barnehage, kr 20` kjøp logopedtenester, kr 156` skulelisensar og kr 103` generelt meirforbruk av varer og tenester.

Kviteseid skule inkl. SFO

Samla meirforbruk på eininga er kr 502`

Avviket på meirforbruket skuldast kr 502` mindre refusjon frå staten enn budsjettert.

Straumsnes oppvekstsenter

Samla meirforbruk på eininga er kr 111`

Avviket på meirforbruket skuldast kr 80` mindre brukarbetaling sfo, kr 100` mindre brukarbetaling barnehagen, kr 181 lønsutgifter skule. Det er mindreforbruk på kr 136` lønsutgifter sfo og kr 114` lønsutgifter barnehagen.

Brunkeberg oppvekstsenter.

Samla meirforbruk på eininga er kr 172`

Avviket på meirforbruket skuldast kr 34` mindreinntekter barnehagen og kr 138`

Kviteseid barnehage

Samla meirforbruk på eininga er kr 12`

Avviket vert definert som så lite at det ikkje treng vidare utdjuping.

Samfunnsutvikling og teknisk drift inkl.

Samla meirforbruk på eininga er kr 1 088`

Avviket på meirforbruket skuldast kr 33` auka årleg kostnad Vest-Telemark museum, kr 213` gapahuk ågape, kr 76` redusert inntekter og auka lønskostnader landbrukskontoret, kr 70` auka utgifter kurs (brann) og lisensar, kr 41` meirutgifter brannvesen verktøy og fyrstehjelpsutstyr, kr 665` til vegar grunna flaum og vasskade reperasjonar og kr 334` i meirutgifter på vedlikehaldskostnader alle bygg. Mindreforbruket på eininga skuldast kr 23` redusert løns og reiseutgifter næring og beredskap, kr 66` ikkje avsett til næringsfond, kr 252` avrekning for 2019 Vest-Telemark brannvesen og kr 23` mindreforbruk på reinhald.

VAR (vatn, avløp og renovasjon)

Samla mindreforbruk på eininga er kr 119`

Avviket på mindreforbruk skyldast bruk og avsetning til bunde fond og framførbare underskot, sjå og note.13

Bevilgningsoversikt drift etter § 5-4, 1.ledd

Her er det eit samla avvik på kr 172`

Dette skyldast skatt og inntektsutjamning med eit avvik på kr -22`
Utbytte omorganisering VT-Revisjon (Kjem som overføring til nytt selskap under politisk verksemd) på kr -100` Renteutgifter fekk eit avvik på kr 405` og renteinntekter vart det eit avvik på kr -136` mot revidert budsjett.

Det er og eit avvik på kr 25` som gjeld overføring til investering. Dette er deltakarinnskot for Kraftkompetanse som i det heile var budsjettert i drift etter vedtak bruk av bund næringsfond. Kr 25` av desse måtte overførast til investering då deltakarinnskot skal førast i investering.

3.10 Investeringar

Investeringsplanen i anleggsmedel for 2020 var på kr 31,559 mill. kr i revidert budsjett. Rekneskapen syner eit forbruk på kr 31,260 mill. med eit samla finansieringsbehov på

kr 38,894 mill. Etter føring av vedtatt låneopptak på kr 27 mill. syner investeringsrekneskapet eit udisponert beløp på kr 1,168 mill. (Sjå side 13 oversikt samla budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjonar F §5-9)

Grunna meirforbruk i drift vart kr 5,122 mill. overføring frå drift stryke i tillegg til kr 0,316 mill. avsetning til ubunde fond.

Investeringsrekneskapet etter strykningane vert avslutta med eit udekket beløp på kr 3,638 mill. som må ein finansiere i 2021. Av dette kan kr 0,998 mill. finansierast med låneopptak, kr 2,640 må ein nytta anna finansiering for å dekke inn.

INVESTERINGAR (i 1 000 kr)	Rekneskap 2020	rev. Budsjett 2020	opph. Budsjett 2020
Oppgradering kommunale vegar	1 875	1 900	2 500
Ny barnehage - Kviteseid	666	667	250
Kv skule opprusting - Uteområdet	2 187	1 850	2 000
Brannstasjon - utviding krav frå DSB	155	250	1 000
IKT	675	600	1 000
Kviteseid skule opprusting	544	0	0
Nye bustadar Lundenjordet	11 717	12 000	12 000
Tilrettelegging nye bustadområder	1 204	1 602	3 000
Tilrettelegging nytt industriområdet	304	304	0
Bidrag til investeringer Kyrkja etter inv.plan	1 000	1 000	1 000
Saneringsplan Vrådal	0	0	3500
Overvaking vatn og avløp	2 393	2 200	0
Morgdal RA - oppgradering (2019-2021)	286	286	500
Høgvoll VA	0	0	2 000
Nye/Rehab. Pumpestasjonar (avløp)	101	100	250
Rehab. VA Kvitsund	8 153	8 800	2 300
SUM INVESTERINGSPLAN	31 260	31 559	31 300
Eigenkapitalinnskott i KLP	638	638	715
Utviding av Næringsshagen - kjøp av aksjar	3 000	3 000	3 000
Utlån av startlån	971	771	750
Dekning av tidlegare års underskot	1 485	1 485	0
Kjøp av aksjar	25	25	0
Avdrag på startlån	1 515	1 200	400
B SUM FINANSINVESTERINGAR	7 634	7 119	4 865
C SUM FINANSIERINGSBEHOV (A+B)	38 894	38 678	36 165
Tabell 2B			
FINANSIERING:			
Lån	-27 000	-27 000	-25 062
Bruk av startlån frå Husbanken	-971	-771	-750
Sal av driftsmidlar	-400	-400	-400
Sal av tomter	-816	-816	-250
Sal av finansielle anleggsmidlar	-12	0	0
Tilskott opprusting uteområde Kviteseid skule	-563	0	
Motteke avdrag på startlån	-1 115	-1 200	-400
D1. SUM EKSTERN FINANSIERING	-30 877	-30 187	-26 862
Momskompensasjon	-3 754	-3 387	-6 588
Overført frå drift	-297	-5 420	-715
Bruk av andre bundne fond	-328		0
Bruk av ubunde disposisjonsfond		316	-2 000
D2 SUM BRUK AV AVSETNINGAR	-4 379	-8 491	-9 303
SUM FINANSIERING	-35 256	-38 678	-36 165
NETTO (+ tal er UNDERSKOT)	3 638	0	0

Tabell: Investeringsrekneskap pr prosjekt med finansiering

3.11 korona

Grunna koronapandemien har 2020 vore eit økonomisk krevjande år både på utgifts og inntektssida, det vil difor vere naturleg å ha eit kapittel under økonomi som omhandlar desse konsekvensane.

Dei økonomiske sidene kan delast inn i drift av kommunen og stimuleringsmidlar som er gjeitt for å stimulere privat næringsliv.

Drift

Vi var tidleg ute og oppretta prosjektkode (Korona 334) der meirutgifter knytt til pandemien skulle først. Tala som kjem fram på oversikten ført på denne koden vil ikkje vere 100% sikre, då ein del utgifter er vanskeleg å definere som kjøp grunna pandemien, samstundes som det og kan ha gleppe å ikkje sette på koden.

Eit eksempel er kjøp av helsetenester på KOS, faktura for kjøp av desse tenestene er ikkje splitta i kjøp grunna korona og kjøp til vanleg drift, samstundes som vi veit at i periodar har kjøp av denne tenesta vore knytt til frávær grunna korona.

Ein anna utfordring er berekning av tapte inntekter. Som eit eksempel vart inntektene på legekantoret vesentleg redusert i starten av pandemien, vi har gjennom budsjettrevisjonane estimert dette tapet. Vi ser at både refusjon frå staten på eigenandelar og brukarbetaling auka vesentleg siste månadane i 2020. Mot revidert budsjett vart det eit avvik på kr 300` i meirinntekt, ser ein resultatet opp mot opphavleg budsjett vart det eit avvik på kr 259` i mindreinntekter.

I tabellen under er det tatt med eit reint uttrekk på det som er ført på koronakode 334, estimert tapte inntekter og auka tilskot frå staten:

Korona kode 334	
Løn (100000 - 109999)	1 203 489,00
Varer og tenester (110000 - 129999)	1 533 611,00
Sum (kode 334)	2 737 100,00
Estimert tapte inntekter	
Bortfall inntekter bhg og SFO	467 000,00
Bortfall inntekter legekantor	300 000,00
Brukarbetaling KOS	1 000 000,00
Bortfall inntekter heimetenesta	150 000,00
Kjøkken tapte inntekter	175 000,00
Sum	2 092 000,00
Ekstraordinære inntekter/reduerte kostnader knytta til Korona	
Skjønnsmidlar - Statsforvaltaren	-100 000,00
Auke rammetilskot bortfall barnehageinntekter	-347 000,00
Auka ramme 3,75 milliarder	-1 914 000,00
Redusert AGA	-1 065 000,00
Korona fase 3 - Økt tilgjenglighet i helsestasjon	-50 000,00
Korona fase 3 - Aktivitetstiltak for barn og unge med store behov	-47 000,00
Korona fase 2 - Regulering barnemiljø	-2 000,00
Korona fase 3 - kompensasjon for redusert formues og inntektsskatt	-234 000,00
Skjønnsmidlar styrking av tilsyn	-167 000,00
Skjønnsmidlar - Statsforvaltaren	-415 537,00
Sum	-4 341 537,00

Tabell: Oversyn korona

Stimuleringsmidlar

Etter søknad fekk Kviteseid kommune kr 0,2 mill. som var øyremerkt flomførebyggande tiltak. Kommunen fekk og kr 1,1 mill. i tilskot til vedlikehald og reovering. Meir om desse midlane sjå kapittel 7. Teknisk drift og var.

Kviteseid fekk og kr 1,4 mill. i tilskot som kommunen skulle fordele vidare som bedriftstøtte for å auke aktivitet og sysselsetting, Bruk av desse midlane vart handsama av kommunestyre 03.09.2020 sak 60/20 og 17.12.2020 sak 92/20.

4 Organisasjon - medarbeidarar

Arbeidsgjevarpolitikken skal med verdiar, haldningar og verkemiddel i samhandling med dei tilsette, sørgje for utviklinga av effektive tenester av høg kvalitet for kommunen sine innbyggjarar. Dette ligg i botnen for kommunen sitt verke.

Arbeidsgjevarstrategien skal medverke til at Kviteseid kommune står fram som ein god og profesjonell arbeidsgjevar slik at vi greier å behalde viktige medarbeidarar. Arbeidstakarar som er stolte av arbeidsplassen sin, er dei viktigaste ambassadørane for å sikre framtidig rekruttering.

Alle tilsette i Kviteseid kommune har kvar dag gjort sitt beste for å gje innbyggjarane gode tenester og gode produkt.

4.1 Rapport handlingsplan

Arbeidsgjevarpolitikken og lov- og avtaleverket er utgangspunktet for alt personalarbeid med HMS og IA på alle nivå i kommunen. Rådmannen har det overordna personalansvaret.

Tabellen under viser tiltaka som vedteke i handlingsprogrammet for 2020 og status for tiltaka ved årets slutt.

Tiltak i handlingsplan for 2020	Resultat
Gjennomføre medarbeidarsamtaler med minst 50 % av fast tilsette i kvar eining	Delvis gjennomført
Oppfølging av sjukemeldte i samsvar med rutine i HMS-systemet og redusere det totale sjukefråværet i høve til 2019	Oppfølging gjennomført. Diverre auka sjukefråværet med 2,78 %. (Sjå pkt. Nærvær under)
Oppretthalde ein tett og god dialog med dei tilsette.	Gjennomført
Minst 2 personalmøte pr. år pr. eining med HMS og IA som tema	Delvis gjennomført
Oppfølging handlingsplan IA	Gjennomført
Grunnkurs i HMS for verneombod	Gjennomført – to nye verneombod
Grunnkurs i HMS for leiarar	Gjennomført – ein leiar
Lukke alle HMS-avvik	Delvis gjennomført
Vernerundar - oppfølging og lukking av ev. avvik	Delvis gjennomført
Lovpålagt målretta helseundersøkingar av: - alle nattevakter → - tilsette på kjøkken og vaskeri → - tilsette på KOS →	Gjennomført av Bedriftshelsen AS Gjennomført av Bedriftshelsen AS Utsett grunna Koronasituasjonen
Lovpålagt helsetest /kartlegging – brann- og røykdykkarar	Gjennomført av Bedriftshelsen AS
Naudsynte kurs for å førebyggje sjukefråvær jf. HMS-plan for 2020 i samarbeid med Bedriftshelsen AS.	Ikkje gjennomført. NAV har fjerna økonomisk tilskot til slike kurs.

<i>Søkje tilskot til ekspertbistand frå NAV ved behov</i>	<i>Gjennomført bruk av ekspertbistand frå Life Improvement for to tilsette (langtidssjukemeld i skule og tilsett med hyppig fråvær i omsorg):</i>
<i>Full innføring av Compilo kvalitetssystem</i>	<i>Tilskot frå NAV</i> <i>Gjennomført</i>

4.2 Tilsette

Tabellen under viser utviklinga i talet på årsverk.

Det er eit sterkt press på bemanning for å oppnå ønskt kvalitetsutvikling av tenestene.

Stillingsoversikt årsverk - Rådmannen sitt framlegg til budsjett									
	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020 - Arena	Tiltak 2020	Stillingar 31.12
Politisk verksemd	1,6	1,5	1,5	1,4	1,40	1,40	1,40	0,00	1,40
Rådmann	2,8	2,4	3,2	4,0	4,00	4,00	3,40	-0,40	3,00
Fellestenestene (3 stillingar ut frå 2019/2020)	6,95	6,95	6,6	6,6	7,00	7,00	4,00	-1,00	3,00
Barnevern	14,1	14,1	14,5	14,1	14,10	14,10	14,92	-0,82	14,10
Adm Helse og omsorg	1,5	1,5	1,5	1,0	1,00	1,00	1,00	0,00	1,00
Tenestekontor				2,1	2,40	2,70	2,60	0,00	2,60
Kviteseid omsorgssenter	31,55	32,65	32,2	32,4	32,40	32,21	32,40	0,00	32,40
Heimetenestene	24,34	23,91	22,4	24,0	23,63	23,12	25,92	-2,06	23,86
Kjøken	3,74	3,74	3,7	3,7	3,74	3,74	3,74	0,00	3,74
Funksjonshemma	19,72	19,32	21,5	21,8	21,78	22,80	24,57	0,00	24,57
Helsesenter	15,95	15,08	15,1	16,4	18,55	18,55	13,55	1,50	15,05
Anna undervisning	6,31	6,31	5,9	5,7	5,21	5,96	5,91	0,00	5,91
Kviteseid skule	31,78	31,56	30,9	29,8	31,73	30,56	33,13	0,00	33,13
Straumsnes oppvekstsenter, Vrådal	11,37	11,37	9,1	7,6	6,79	6,57	6,64	-0,40	6,24
Brunkeberg oppvekstsenter	13,55	13,55	12,8	12,2	11,76	13,64	14,30	0,00	14,30
Kviteseid barnehage	11,7	11,6	11,4	11,4	11,64	12,80	11,62	0,00	11,62
NAV	2,5	2,5	2,0	1,4	1,40	1,40	0,00	0,00	-
Samfunnsutvikling og teknisk drift	27,85	27,85	25,7	24,8	24,18	23,19	23,17	-0,60	22,57
Lærling	1	1	1,0	2,0	3,00	3,00	3,00	0,00	3,00
Totalt	228,31	226,89	221,06	222,17	225,71	227,74	225,27	-3,78	221,49

Tabell: Stillingsoversikt 2014-2020

Lærlingar

Det starta to lærlingar innan helsefag i 2019 som skal ta fagprøver våren 2021.

I tillegg starta ein lærling i januar 2020 som barn og ungdomsarbeidar, som skal ta fagprøve i desember 2021.

Kommunen har stillingsheimlar for tre lærlingar.

4.3 Personalpolitikk

Organisasjonsutvikling

Kviteseid kommune har fokus på eit kontinuerleg arbeid med å forbetre kommunen si evne til å handtere endring i og utanfor verksemda. Dette arbeidet handlar mykje om planlegging og å sette i verk systematisk tiltak. Det økonomiske handlingsrommet og personalressursar har sett ei grense for kor langt ein kan gå dette arbeidet.

Kompetanseutvikling

Budsjettposten for stipend er svært låg.

Sjå sektorområdet for helse og omsorg når det gjeld utdanning, kompetanseutvikling og statleg stønad til kompetanseutvikling i samband med Kompetanseløftet 2020.

Sjå sektorområde for skule og barnehage når det gjeld statlege stønadsordningar for vidareutdanning.

Leiarutvikling

Kommunen har også i 2020 hatt fokus på å vidareutvikle leiarskap i kommunen. KS Konsulent gjennomførte ein fagdag om mestringsorientert leiing for alle leiarar, hovudtillitsvalde og hovudverneombodet i kommunen. Temaet heilskapleg leiing og å bygge kultur gjennom å etablere felles verdiar, var mål med dagen.

Leiarutviklingsprogram blir dekt av OU-midlar frå KS.

«Ledergaloppen», læringsprosessen i KS' med fokus på strategisk innovasjons- og digitaliseringsleiing, innbyggjarinvolvering og samskaping, og tilhøvet administrasjon og politikk, vart vidareført med to samlingar i 2020.

Leiargruppa i Kviteseid hadde vald ein case på tvers av einingar og sektorar, innføring av kvalitetssystemet Compilo. Systemet brukast m.a. for å melde avvik og finne reglement, prosedyrar og skjema. Det var fleire tekniske hindringar, både frå Compilo og VTDS si side, som gjorde at innføringa tok mykje lenger tid enn planlagt. Kommunen kom i mål og alle tilsette fekk tilgang til systemet.

Leiarforum

Det vart gjennomført 3 samlingar i leiarforum gjennom året, der og hovudtillitsvalde i dei største organisasjonane, Fagforbundet, Utdanningsforbundet og Norsk Sykepleierforbund har delteke. I tillegg har hovudverneombodet vore med.

Tema for desse samlingane har m.a. vore budsjett, rekneskap, handlingsprogram, rekneskap, personalforvaltning og leiarutvikling.

Leiarforum har hatt 3 samlingar i 2020 med tema knytt til m.a. personalforvaltning og leiarutvikling:

- Leiarutvikling – fagdag for leiarar v/ KS Konsulent
- Nærværarbeid - v/ NAV IA-rådgjevar og kommuneoverlege
- Økonomi/budsjett arbeid

Jubilantar

Kviteseid kommune har ein stabil og god arbeidsstokk. I 2020 var sju tilsette med 25 års fast teneste i Kviteseid kommune.

4.4 HMS

AMU (arbeidsmiljøutval)

Det vart gjennomført 4 møte i utvalet, i samsvar med målsettinga.

Arbeidsmiljøprosess

Det er gjennomført ein arbeidsmiljøprosess på Kviteseid omsorgssenter (KOS) for å styrke organisasjonen og arbeidsmiljøet for framtida. Ekstern aktør KS-Konsulent har gjennomført prosessen, som starta i februar 2019 og blei avslutta i januar 2020.

Politikarane vart orientera på ettervinteren 2020 om oppsummeringsrapport frå KS Konsulent.

Alle tilsette på KOS deltok i prosessen. Kommuneleiinga, hovudtillitsvalde og hovudverneombod deltok i delar av prosessen.

Bedriftshelsetenesta (BHT) - helseundersøking

Det vert gjennomført årleg målretta helsekontroll/-sjekk av røykdykkarar og fysisk test av Brannvesenet i Kviteseid kommunen. (*Sjå i tabell for tiltak over*)

Andre undersøkingar blir gjort etter behov frå kommunen og dei tilsette.

Avvik

Det kom inn 23 HMS-avvik som vart handsama i arbeidsmiljøutvalet.

Vernerundar

Det vart gjennomført 3 vernerundar saman med lokale verneombod.

Branntilsyn

Vest-Telemark Brannvesen IKS gjennomførte 1 branntilsyn.

Arbeidstilsyn:

Arbeidstilsynet har ikkje gjennomført HMS-tilsyn.

Rapporterte ulukker og skader:

Det er 3 registrerte, men ikkje alvorlege personskadar i 2020.

Nærvær på arbeidsplassen - Sjukefråvær

Kviteseid kommune jobbar aktivt med tilrettelegging og omplassering der det er mogleg, slik at tilsette med nedsett funksjonsevne kan bruke si restarbeidsevne i staden for å bli uføretrygda.

Det er stor arbeidsbelastning på tilsette, særleg innan omsorgssektoren. Mange år i same jobb gjev slitasje og er med og påverkar sjukefråværet, men dei tilsette stiller lojalt opp så langt det let seg gjera.

Det er lagt ned mykje arbeid med sjukeoppfølging og å involvere NAV, fastlege og andre i større grad. Jf. HMS-planen var målet om å auke nærværet.

Diverre auka sjukefråværet i 2020. Tilbakemeldingar og vurderingar tilseie at koronasituasjonen og restriksjonar rundt testing av tilsette, av tilsette sine nære og smittesporing elles, har ført til mykje fråvær blant tilsette. Oppfordringar frå myndighetene om å bli heime om ein har symptom som minnar om forkjøling har òg ført til fråvær. Dette har gjort seg gjeldande særleg innan helse og omsorg.

Låg grunnbemanning generelt og mangel på sjukepleiarar spesielt, har over fleire år tæra på drifta og dei tilsette på KOS. Når restriksjonar rundt korona kjem i tillegg til dette, er det naturleg at det blir synleg i fráværstatistikken.

Tabellen nedanfor syner utvikling i totalt sjukefrávær registrert hjå løningskontoret.

1 Tabell: Sjukefrávær i den kommunale organisasjonen 2015 - 2020

	2015	2016	2017	2018	2019	2020
1. kvartal	11,41	10,1	6,24	8,38	6,3	8,4
2. kvartal	10,98	9,29	4,48	8,04	5,14	6,85
3. kvartal	7,93	6,73	7,26	5,96	5,64	9,7
4. kvartal	8,25	6,9	8,5	6,32	5,66	9,21
Totalt	10,00	8,16	6,65	7,55	5,70	8,48

Kommunetrim

Grunna den økonomiske situasjonen, vart ikkje gjennomført kommunetrim i 2020.

4.5 Likestilling

Kviteseid kommune jobbar for likestilling og mot diskriminering. Kommunen jobbar for inkludering og mangfald og har som mål at dette skal vera integrert i alle prosessar i kommunen si verksemd.

Fordelinga mellom menn og kvinner mellom sektorane er tradisjonell, med hovudvekt av kvinner både i helse- og omsorgssektoren og i skule og barnehagesektoren. I teknisk uteavdeling er det berre menn.

Kjønnsfordelinga mellom sektorane er normal for ein kommune og heng saman med tradisjonelle val av yrke.

4.6 Intern kontroll og etikk.

Leiarane har fokus på grunnleggjande verdiar og konsekvensar av alternative handlingar. Det vert fortløpande arbeid med å revidere interne retningslinjer og rutinar.

Det gode arbeidet som går føre seg i einingane og på sektor og leiarnivå vart vidareført og sikrar ein høg etisk standard i kommunen.

Kommunen har innført kvalitetssystemet Compilo, som i første omgang skal nyttast som avvikssystem. Det vert samstundes jobba for at dette skal vere eit internkontrollsystem, som både gir god oversikt over retningslinjer og rutiner. Arbeidet med avvik skal føre til styrking av internkontrollsystem i kommunen.

Det er laga eigne rutinar for månadleg rapport av rekneskap mot budsjett for einingsleiarane. Tidlegare rutine med månadleg kontroll av lønsutgifter mot rekneskap er tatt inn i denne rutina.

Revidert finansreglement, og rutinar for finansrapportering er vedtatt i kommunestyre.

5 Sektorovergripande tenester

5.1 Rapport handlingsplan

Tiltak	Resultatindikator
Gjennomføre opplæring i økonomi og økonomisystem for einingsleiarane	Er gjennomført individuelt og samla ved budsjettrevisjonane.
Følgje opp IKT-strategien for regionen med særleg vekt på skule og helse	Etablere eit fungerande IKT-system for skulen. Gjere helsetenestene i stand til å kommunisere elektronisk med andre
Følgje opp felles arbeid i regionen med vidareutvikling av vår web-side	Levande heimeside, med oppdatert informasjon
Lage gode overgangsordningar for flykningar som skal ut i arbeid.	Talet på flykningar i ordinært arbeid

5.2 Rådmann og Fellestenester

Samla sett utgjør rådmanneneinga 3,0 årsverk og Fellestenestene 3,0 årsverk og femnar om budsjett, rekneskap, arkiv, sentralbord, personal og skattekontoret for Nissedal og Kviteseid fram til 1. november 2020.

2020 er fyrste året vi har samarbeid med Nissedal om felles rekneskapskontor. Samarbeidet fungerer etter eit år bra. Frå 1.november vart skatteoppkrevjaren overført til staten.

Fellestenestene har i løpet av 2020 gjennomført fleire effektivitetstiltak:

- Saman med BVS lagt til rette for filoverføring av løn til agresso og direkte remitering til bank frå fagsystemet familia.
- Gjort all lønslipp digital, via multikanal (tilsette som har registrert e-post får han på e-post)
- Starta arbeidet med prekontering av fakturaer. I 2020 vart det lagt inn prekontering på fakturaer frå VTK og kommunale avgifter.

Arkiv	2016	2017	2018	2019	2020
Tal på inngåande journalposter	4100	4397	4696	4612	4406
Tal på utgåande journalposter	2737	2749	3014	3092	2703
Tal nye saker under behandling	2020	1272	1799	370	1465
Tal journalposter ikkje satt ferdig uansett årstal	202	100	179	330	191
Tal på antall saker med status under behandling	2767	2467	3034	5917	5742

Tabell 12: Aktivitet tal for arkiv og innkrevjingsprosent på skatt

Utval	Møte 2019	Politiske saker 2019	Møte 2020	Politiske saker 2020
Kommunestyret	8	76	9	98
Formannskapet	9	103	10	121
Klima, miljø og oppvekst			4	30
Administrasjonsutval	4	19	5	10
Arbeidsmiljøutval	4	30	4	20

Tabell 13: Oversyn over saker i dei ulike utvala

6 Helse og omsorg.

6.1 Sektorleiing:

Covid-19

Pandemien var den store hendinga i helse og omsorg i 2020, og påverka alle område i fjor. Me kjem attende til pandemien i fleire samanhengar i årsmeldinga, men eg vil nemne nokre hovudutfordringar og oppgåver knytt til dette.

1. beredskapsarbeid, arbeid med planar og organisering, t.d. oppretting av smitteisolat i samarbeid med Seljord kommune
2. driftsutfordringar i samband med karanteneroglar, dette har påverka drifta mykje i alle einingar, men særskild KOS med si låge grunnbemanning og vakante stillingar
3. omstilling av tenester, det har blitt jobba med å tilpasse tenestene til kva som til ein kvar tid har vore gjeldande retningslinjer i samband med pandemien
4. rapporteringar, dette har me bruka mykje kapasitet på
5. nye møte- og kommunikasjonsformer, me har på godt og vondt tilpassa oss den nye kvardagen

Arbeidet med pandemien har i veldig stor grad påverka og lagt føringar på kva me elles har hatt kapasitet til og fått gjort. Me har lært mykje om pandemiarbeid og gjort både positive og negative erfaringar. Me tek med oss lærdomen inn i 2021.

Me har ikkje bruke mykje ressursar på handlingsprogrammet, og det er difor ikkje kommentert i årsmeldinga.

Dei tilsette i Helse og omsorg i Kviteseid kommune gjorde i 2020 ein fantastisk innsats i ei krevjande tid, dette er det mange som har sett stor pris på.

Samhandlingskoordinator

Funksjonen som samhandlingskoordinator er eit spleiselag mellom Sykehuset Telemark (STHF) og kommunane i Vest-Telemark. Ansvarsområdet er relatert til samarbeid mellom sjukehuset og kommunane, med fokus på oppfølging og revisjon av avtaler, faste fag –og samarbeidsmøte, samt ulike prosjekt som medverkar til utvikling av helse og omsorgstenestene i regionen og fremjar samhandlinga mellom kommunane og STHF. I 2020 har det også vore jobba med samhandling mellom kommunane og STHF relatert til pandemien og avtaler mellom kommunane i den samanheng.

Pågåande prosjekt i 2020 har vore

Prosjekt	Prosjekteigar
Akuttkjedeprojektet	STHF
Desentralisert kreftbehandling, lindrande behandling og omsorg	Tokke kommune
Velferdsteknologiprojektet	Vest-Telemarkrådet

Folkehelse:

Ein av helsesjukepleiarane har i tillegg funksjonen som folkehelsekoordinator. Ho jobbar med folkehelse innanfor ressursen sin, og måtte prioritere tidsbruken strengt. Me prioriterte viktige kontaktmøte med Fylkesmannen og fylkeskommunen. I tillegg vart det jobba med folkehelseprofilen for Kviteseid kommune.

Tenestekontoret

Tenestekontoret har til saman 2,6 årsverk fordelt på 3 tilsette. Kontoret held til på kommunehuset og har ope alle kvardagar.

Tenestekontoret skal ta imot og handsame søknadar, fatte avgjersler og einskildvedtak om tildeling av tenester som i hovudsak omfattast av *helse- og omsorgstenesteloven og pasient- og brukarrettighetsloven*.

Tenestekontoret har og funksjonen som kommunen si koordinerande eining for habilitering og rehabilitering. Koordinerande eining skal medverke til å sikre heilskaplege og koordinerte tilbod til pasientar og brukarar med trong for tenester frå fleire fagområde, nivå og sektorar. Ansvar et omfattar alle pasient- og brukargrupper med trong for langvarige og koordinerte tenester. Koordinerande eining har eit overordna ansvar for individuelle planar og for oppnemning, opplæring og rettleiing av koordinatorane i kommunen.

Erfaringa etter oppstarten er at det tek tid å etablere eit tenestekontor. Det er mykje som skal på plass i høve til rutiner og fagsystem. Det er og utfordrande å setje seg inn i lovverk og reglar for tenester ein ikkje har sakshandsama tidlegare. Dette skjer samstundes med at drifta er i gang. I helse og omsorg blir det fatta kring 250-300 vedtak i året. No som tenestekontoret har starta opp må ein leggje til dei vedtak som tidlegare blei handsama på Nav, slik som avlastning og omsorgsstønad, støttekontakt, Husbanken i form av startlån og tilskot, TT-kort og følgjekort.

Kommunen har oppretta ein forløpskoordinator på tenestekontoret for tverrfagleg spesialisert rusbehandling (TSB) som ein del av eit pakkeforløp for psykisk helse og rus.

6.2 Kviteseid omsorgssenter(KOS)

KOS har 41 sengeplassar fordelt på 4 avdelingar. Ei skjerma avdeling for demente med 6 plassar, to langtidsavdelingar med 11 og 12 plassar, og ei korttidsavdeling med 12 plassar. Korttidsavdelinga har nokre langtidsplassar, 1 KAD-plass (kommunal akutt døgn-plass) elles korttids-, og avlastningsplassar.

KAD-plassen skal vera ei erstatning for innlegging på sjukehus, og me skal gje eit tilbod som er like godt eller betre enn eit tilbod i spesialisthelsetenesta. Det seier seg sjølv at det stiller store faglege krav til oss.

Normalt sett er ei innlegging på KAD-plassen avgrensa til 3 døgn, men det kan forlengast noko ved behov. Etter dette skal det vera avklara om pasienten skal innleggast på sjukehus, overførast til korttids plass eller skrivast ut til heimen.

I 2020 har me for alvor opplevd kor sårbar drifta på KOS er m.o.t. til låg grunnbemanning og låg sjukepleiedekning. Me har hatt sær store driftsutfordringar i samband med m.a. karantenerreglar, me har til tider ikkje greidd å oppretthalde grunnbemanning. Dette førte til eit ekstremt arbeidspress på dei tilsette og einingsleiar, med sjukdom som resultat. Pasientane fekk i periodar heller ikkje det tilbodet dei skulle hatt m.o.t. medisinsk behandling, sosialt, fysisk og psykisk. Desse utfordringane held fram med full styrke i 2021.

Me har hatt legevisitt to dagar i veka, kl. 9-13 på tysdagar og 9-12 på fredagar. Lege blir elles tilkalla ved behov, noko som kan vera dagleg når det er dårlege pasientar.

Etter samhandlingsreforma og oppretting av KAD-plassen, stillast det stadig høgare krav til kompetanse hjå dei tilsette. Me får både yngre pasientar og meir kompliserte problemstillingar enn før. Det er og eit høgare tempo, med fleire inn- og utskrivningar både på kveld og i helger. Dette fører til at dei tilsette må bruke tid på reingjering og klargjering av rom.

Me byrja i slutten av 2018 å forbetre rutiner når det gjaldt smittevern. Me kjøpte inn spritdispensarar til alle pasientrom, reintlager, stoger og i fellesområde. Det vart og kjøpt inn hanskehaldarar som skulle hengast på pasientrom og som er viktig for godt smittevern. Det vart og revidert smittevernrutiner for KOS. Desse tiltaka gjorde til at me var godt rusta når corona pandemien kom. Vi hadde og ein god lagerstatus ift smittevernutstyr. I starten av 2020 vart det omgjort 20 % sjukepleiestilling til fagutviklingssjukepleiar slik at ho fekk ein administrasjonsdag i veka. Ho hadde hovudansvar for smittevern og rutiner når pandemien kom saman med einingsleiar.

Me har i 2020 starta å bruke Compilo som avvikssystem. I tillegg har det i kvart personalmøte vore lagt fram statistikk på pasientrelaterte avvik som vert lagt i Profil. Me har fylgd møteplan så godt det har latt seg gjera i pandemien som var planlagt slik: Personal møte kvar 3 mnd, Sjukepleiemøte kvar måned, Hjelpepleiarmøte annankvar måned, Medbestemmingsmøte med plasstillitsvalgte kvar måned og jamnlege gruppemøte.

Hausten 2020 vart det utvikla ein rapport med ei arbeidsgruppe bestående av kommunalsjef, einingsleiar, fagutviklingssjukepleiar, plasstillitsvalgte for Fagforbundet og Sykepleierforbundet og verneombod. Denne rapporten skulle danne grunnlaget for å belyse bemanningsutfordringane på KOS med ein pleiefaktor på 0,76. Denne rapporten vart lagt fram i kommunestyret i november og resulterte i at vi fekk 0,6 årsverk til fagutviklingssjukepleiar og 1 årsverk sjukepleier. Dette gav KOS ein pleiefaktor på 0,78.

Det vart søkt støtte frå Fylkesmannen frå Prosjektet : «Aktivitetsprosjekt for å motvirke einsemd hos eldre» til å starte prosjektet Motitech. Motiview er eit motivasjonsverktøy som stimulerar eldre og personar med demens til auka fysisk, kognitiv og sosial aktivitet basert på minneframkalling. Motievew er 1 av 25 løysingar som blir lyfta fram av Kvalitetsreformen Leve Hele Livet for å gjeva gode opplevingar og øyeblikk i kvardagen og stimulere sansar og minne, rørsle og deltaking i sosialt fellesskap. Me fekk støtte til prosjektet både frå Fylkesmannen, Demensforeningen og sanitetslaget. Dette prosjektet skal startast i 2021

6.3 Heimetenestene

Hovudmål og tiltak

- Brukarane skal få eit individuelt tilpassa tenestetilbod
- Brukarane skal få ei føreseieleg teneste av god kvalitet og høg etisk standard

Som kjent, kjem det ei eldrebylgje dei neste åra med brukarar som vil bu heime så lenge som mogeleg. Det er helsetilstanden til brukarane som avgjer type tenester og omfanget av tenestene dei har krav på, ikkje ressursane til eininga.

Heimetenestene er i utgangspunktet ei krevjande og uføreseieleg teneste med aukande press og stadig nye lovpålagte oppgåver. Samhandlingsreforma har auka kompleksiteten og trongen for kontinuerleg og systematisk fagutvikling. Fokus på fag har er viktig for pasienttryggleiken og kvaliteten på tenestetilbodet, og er heilt grunnleggjande for å møte dagens behov for helse-og omsorgstenester. Ofte, på kort varsel, må kommunen ta imot pasientar som tidlegare låg fleire veker på sjukehus. Det er difor heilt naudsynt at tilsette skal ha ei «verktøykasse» med seg for å kunne yte gode og forsvarlege tenester til ei mangfaldig brukargruppe i alle aldrar. Det er og viktig at tilsette opplever meistring og tryggleik når dei er åleine ute «i felten».

Eit døme er talet på kreftpasientar som er aukande, og stadig fleire ynskjer å døy i heimen. For å gje pasientar og pårørande eit kvalitativt godt og trygt tilbod, er det trong for mykje ressursar, fleksibilitet og kompetanseheving i alle ledd (jmf.prosjektet «Livets siste dagar»).

I løpet av 2020 har me fylgt opp mange «middelaldrande» kreftpasientar. Kreftkontakten vår gjer en god jobb i samarbeid med fastlegar og palliativt team ved STHF.

Heimetenestene er med i velferdsteknologiprojektet i Vest Telemark. Dette er eit to-årig prosjekt for å implementere velferdsteknologi i tenestene.

På slutten av 2019 tok me i bruk teknologi for å måle tidsbruken i tenesta, men måtte avslutte målingane då pandemien kom i mars (målingane vart ikkje rett).

I 2020 har me prioritert oppstart av Mobil omsorg for å sikre betre kvalitet på dokumentasjonen (brukar nettbrett og har tilgjengeleg informasjon).

I tillegg har me bytt ut alle analoge tryggleiksalarmar til digitale. Me brukar Doro Care som alarmsentral, og har eit godt samarbeid med dei når varslingsteknologien blir nytta.

På slutten av året starta me førebuing av elektronisk medisineringsstøtte hos nokre brukarar. Velferdsteknologi er svært ressurskrevjande å innføre, men blir eit godt supplement til tenestene, sjølv om teknologi ikkje kan erstatte «varme hender».

Pandemien har sjølvsagt påverka oss alle, sjølv om me hadde låg smitte i kommunen.

Angsten for smitte har ligge som eit «bakteppe» både hos brukarane og tilsette/leiar.

Det positive er at alle har blitt gode på smittevern og hygiene. I tillegg har me fått skyllerom med heilt naudsynt utstyr ift hygiene.

Leiar og fagutviklingssjukepleiar har, i samråd med smittevernlegen, lagt ned mykje arbeid for å laga nye rutiner, men og halde seg oppdatert på stadig nye retningslinjer.

I den innleiande fasa av pandemien var det både vanskeleg og ressurskrevjande å få tak i smittevernutstyr. Leiar opplevde dette som ein ekstra belastning, i tillegg til planar og nye tiltak som måtte implementerast.

I tillegg har det vore vanskar med å halde avstand med så små areal til disposisjon for heimetenestene (underetasjen KOS), samt nå ut med oppdatert informasjon til alle tilsette.

Mykje fråvær grunna karantene har vore utfordrande ift bemanning (i tillegg til fleire langtidssjukemeldingar), men alle tilsette har gjort ein stor innsats gjennom heile året, vist fleksibilitet og pågangsmot!

På vårparten gjorde Kviteseid og Seljord avtale om samarbeid m.o.t. drift av isolat for Covid-19 pasientar som evt.treng pleie og omsorg på institusjonsnivå. Leiar har vore med å planlagt/bygd opp dette tilbodet frå Kviteseid si side.

Heimehjelpstenesta er ei lovpålagt teneste, som har «blødd» i 2020. Budsjettvedtaket om reduksjon i stillingsramma medførte at ca. 95 % av brukarane fekk ei redusert teneste med dårlegare standard (frå 2 t til 1,5 t annankvar veke). I tillegg var fleire av heimehjelpene langtidssjukemeldte, noko som resulterte i omdisponeringar av personalet, innleige av vikarar og lite kontinuitet i tenesteytinga.

Midtsundtoppen dagsenter (dagtilbod til heimebuande personar med demens) er bygd opp sidan 2013 ved hjelp av øyremerkta midlar frå staten, samt overføring av ressursar frå heimetenestene (tilsvarande 50%-100% stilling gjennom fleire år).

Etter åtte års drift har me erfart at dagsenteret er eit sær s viktig supplement til tenestene, og i tillegg viser det seg at dagsenteret kan utsetje trongen for institusjonsplass i fleire år.

I 2019 var det behov for å auke kapasiteten ved dagsenteret, men i 2020 vart stillingsramma redusert med 66% og vikarbudsjettet vart «barbert» (budsjettvedtak).

Stabil bemanning og redusert drift pga pandemien/smittevern har allikevel gjeve brukarane eit forsvarleg og godt tilbod. Avlastning til pårørande og ambulerande modell med heimebesøk ein dag/veke måtte nedprioriterast.

I løpet av få år vil dagsenteret vårt ha for liten kapasitet. Jmf. Demensplanen.

Eit forventa framtidsbilde viser at talet på demente vil doble seg innan kort tid, og denne brukargruppa krev store ressursar, kompetanse i alle ledd og kontinuitet i tenestene. Tenesta vart lovpålagt frå 2020.

Midtsundtoppen dagsenter innfrir det som er lagt som nasjonal føring i kvalitetsreformen «Leve hele livet»:

- Eit aldersvenleg Norge
- Aktivitet og fellesskap
- Mat og måltid
- Helsehjelp
- Samanheng i tenestene.

Dette «harmonerar» med at Kviteseid kommune i tillegg er «Eit demensvenleg samfunn».

Sansehage

Før dei *øyremerka* statlege overføringane til dagsenterdrift vart stoppa, fekk me innvilga ein søknad om «restmidlar» som skulle ut til kommunane i løpet av 2019/2020. Tilsette og leiar laga eit «hageprosjekt» der me fekk hjelp av gartner til å lage ein flott «sansehage». Hagen har mange ulike pryd-og nyttevekstar, ei fontene og fleire benkar. Denne hagen har blitt ein fin samlingsplass for brukarane av dagsenteret, men og for pårørande når dei er på besøk. Sjå hageutvikling.no for bilete og meir informasjon.

Kommunestyrt personleg assistent

Leiar har i fleire år organisert kommunestyrt personleg assistanse i heimen til ein brukar med alvorleg sjukdom. Assistentane har jobba 12 timar dagleg, og heimesjukepleia har i tillegg vore hos brukar fleire gonger pr. natt. Dette har vore eit særskilt krevjande tilbod å drifte, og frå november 2020 overtok ein privat aktør, Stendi.

6.4 Kjøken

Heimebuande pensjonistar har ikkje fått tilbod om tilkøyrd middag i 2020 grunna innsparingar. Dette var det mange meiningar om blant brukarane av tilbodet. Grunna pandemien som herjar så har det vore ein kraftig nedgang i catering, men noko har me klart å levert. ``Torsdagstreffen`` har me avslutta inntil vidare. Det har blitt utarbeida ein plan viss dei faste kokkane må ut i karantene. Einingsleiar har ei avtale med eksterne kokkar/medhjelparar som tyder at dei vil hjelpe til med å drifte kjøkenet i ein kortare periode. Det er og laga ein forenkla meny viss dette skulle bli aktuelt. Dei har vore her på omvisning/info møte.

Kjøkenet legg stor vekt på å servere god næringsrik norsk tradisjonsmat. Kjøkenet har ein 5 vekers meny som rullerar. Der er det om lag 29 ulike middagsrettar og om lag 25 ulike lunsjrettar.

Kjøkenet har også eit stort fokus på matsvinn.

Det vart leigd inn minimalt med ekstra personale ved ferie og sjukdom. Kjøkenet har ein person som hospiterar her 5 dagar i veka. Det vart servert 4 måltid på KOS kvar dag lunsj kl 1200 og middag kl 1530.

Vaskeri: Vaskeriet er bemanna 3 dagar og 4 dagar annakvar veke. Alt pasienttøy blir nøye sortert føre vask, deretter blir det tørka, stryke og sortert på tralle til avdelingane. Vaskeriet vaskar og alt av arbeidstøy for kjøkenet, KOS, HSJP, legekantoret. Det er om lag 25-30 sett kvar dag. Lokala som blir nytta i dag oppfyller ikkje krava etter lovverket, med omsyn til rein og urein sone. Dette har blitt påpekt av einingsleir i fleire år. Det er eit ynskje om at Kviteseid kommune vil investere i eit nytt moderne og ikkje minst godkjend vaskeri.

6.5 Eining for funksjonshemma

Viktige hendingar:

- Me har bygd 2 nye bustader og ein ny avlastningsbustad i løpet av 2020. Desse er klare til innflytting våren 2021. Her har me også fått ei fellesstoge som alle på Lundenjordet kan nytte seg av.
- Me har tatt i bruk «MobilOmsorg». Dette vil vera til hjelp for oss ved at me kan sitte å skrive rapport heime hjå brukar. Me treng ikkje inn på kontoret for å skrive naudsynt informasjon i journal.

Kompetanseheving:

- Me har hatt fokus på e-læringskurs i veilederen og KS-læring i år. Mange tilsette har tatt fleire kurs.
- 2 tilsette har fullført fagskuleutdanninga i Miljøarbeid retta mot menneske med funksjonsnedsetting/utviklingshemming i Seljord.
- 1 tilsett er under utdanning til å bli vernepleiar
- 2 tilsette er under utdanning for å bli helsefagarbeiderar
- HAVO har etablert leiar- og fagnettverk for høgskulegruppa i fylket. Pga Covid – 19 har det ikkje vore nokon samlingar i 2020, men me håpar at nettverket er tilbake når det er mogleg med meir fysisk kontakt. Dette er eit nettverk som tidlegare år har vore særns nyttig med tanke på kompetanseheving.

Pandemi:

- Sjukefråveret har vore høgare enn tidlegare år. Det å skaffe vikarar er alltid ei utfordring, særskilt ved korttidsfråværet, så det har vore naudsynt med bruk av overtid for å få drifta til å gå forsvarleg.
- Det har vore mykje arbeid i samband med tilsette som har måtte fylgje karantenerreglar

Stillingar:

- Til ledige stillingar/vikariat ha me hatt god søknad på stillingane for helsefagarbeidar. Me fekk ein ny vernepleiar på stillingsutlysning i haust

6.5 Eining for helse

6.5.1 Legekontoret

Legekontoret har 3 fastlegeheimlar og 1 LIS1 lege, 2 sjukepleiarar, 2 helsesekretærar og 1 bioingeniør i ulike stillingsprosentar. Ein av medarbeidarane har stilling som kontorleiar på legekontoret. I tillegg er ein av medarbeidarane opplært til å ta hovudansvar for diabetespasientar og ein medarbeidar har hovudansvar for astma og KOLS. Ein medarbeidar har tatt vidareutdanning i rus og psykiatri, noko som er særns viktig i arbeidet med desse pasientane på legekontoret. Ein medarbeidar har starta på opplæringsprogram med tanke på å ta ein større del av ansvaret for hjertesviktpasientoppfølging, men dette opplæringsarbeidet måtte setjast på vent på grunn av Covid-19 pandemien. Det er eit tett samarbeid mellom legane og medarbeidarane om desse pasientgruppene. Ein medarbeidar

har også hovudansvar for oppfølging av alt laboratorieutstyr og syter for at det fungerer som det skal.

Det er faste møte mellom legane og heimesjukepleia, Lundenjordet, psykisk helse lokalt i kommunen og psykisk helse ved Seljord DPS, demensteamet og tenestekontoret. Lege har visitt på KOS kvar veke, for det meste 1,5 dagar i veka. Det er også møte med NAV, barnevern, ansvarsgrupper, helsestasjon, grunnskule, barnehage og med Kvitsund Gymnas. Vi samarbeider med Seljord kommune om legevaktteneste, eit samarbeid som vi er avhengige av, om vi skal oppretthalde lokal legevakt. Legvaktteneste på natt kjøper me av Notodden kommune.

Me har hatt både korttids- og langtidssjukefråver på legekantoret i 2020. Det har difor i vore fleire vikarar innom legekantoret enn det ein ideelt skulle ha hatt, men det har vore naudsynt å ha legar som kunne avhjelpe situasjonen. I tillegg har det grunna av pandemien, vore fleire korte fråversperiodar med luftvegsinfeksjonar. Tilsette på legekantoret har også måtte vera i karantene inntil negativ Covid-19 prøve. Dette har hatt stor innverknad på den daglege drifta. I mars 2020 stod Kviteseid kommune i ein sær sars vanskeleg situasjon. Vi skulle tilpasse oss nasjonale føringar og reglar med omsyn til Covid-19. På det travlaste vart det sendt ut 3 justeringar av same regel på ein og same dag. Vi hadde så å seie ikkje noko smittevernutstyr på lageret. Vi har gjennom året fått ein god struktur på oversikt og oppbevaring av smittevernutstyr. Vi måtte få til ei ordning der vi kunne halde avstand til pasientar samstundes som vi kunne sjå til dei som var naudsynt. Dette vart ordna ved at vi både starta med telefonkonsultasjonar og videokonsultasjonar i tillegg til ordinære konsultasjonar. Konsultasjonar av alle desse 3 typene er forsøkt avgrensa til 20-25 minutt. I tillegg har vi telefontimar for korte samtalar, desse kan berre bestillast same dag og skal vera avgrensa til 5-6 minutt. Legekantoret har i 2020 oppgradert teknisk utstyr for videokonsultasjonar. Vi måtte i løpet av ein dag møblere om på legekantoret. Vi måtte ha eit smitterom. Det vart til at venterommet måtte nyttast. Gangen vart nytta som venterom, og mange pasientar måtte vente i bilane sine før dei vart slept inn på legekantoret. Smitterommet måtte få undersøkingssenk og naudsynt utstyr vart sett inn på rommet. Inkludert i naudsynt utstyr var alt vi trong for å vaske ned rommet mellom kvar pasient som var inne på infeksjonsrommet. Det å ta Covid-19 prøver var til å byrje med ei stor utfordring, men etter kvart vart det ein kvardagsleg sak. Fyrst tok vi prøvene ute. Det var vanskeleg når det var mykje vind. Etter kvart vart det svært kaldt å ta prøvene. Vi starta då å ta prøvene i ein garasje ved legekantoret. Dette gav ly for vinden, men gav fortsatt ikkje tilstrekkeleg varme. Det var også kaldt for pasientar som måtte sitte i gangen, gangen hadde ikkje varmeovn. Det var naudsynt med endring. Eit av legekantora vart gjort om til smitterom og venterommet vart teken i bruk igjen. Covid-19 prøver vart etter dette teken gjennom vindaugget inn til smitterommet.

I eit pandemiår blir arbeidsoppgåvene til kommuneoverlegen endra. Her er nokre av oppgåvene som har vore viktige i 2020:

- Smittevernplan, vart skriven ny plan hausten 2019, vart gjennomgått på nytt i 2020 for å sikre at han kunne brukast
- Pandemiplan, vart skriven ny plan hausten 2019, vart også gjennomgått på nytt i 2020
- Kontinuitetsplan (korleis klare å drifte vidare ved stort sjukefråvær av personell), vart skriven hausten 2019 for heile kommunen og det vart skriven ei oppdatert utgåve i 2020. Den oppdaterte utgåva var spesifikt retta mot helse og omsorg. Denne planen var eit samarbeid mellom kommunalsjef helse og omsorg, dei ulike einingsleiarane og kommuneoverlegen
- Gjeve råd i helsespørsmål til kommuneleinga
- Gjeve råd i spørsmål om miljøretta helsearbeid til aktuelle kandidatar
- Gjeve råd i forebygjande helsearbeid
- Deltaking på beredskapsrådsmøte med kommunen
- Deltaking på samarbeidsmøte med fylkeskommunen og andre kommuneoverleger i Vestfold og Telemark.

- Deltaking på samarbeidsmøte med kommuneoverlegane i Vest-Telemark og Tinn for diskusjon av lokale tilhøve.
- Ha ansvaret for smittevernarbeidet på alle område, inkludert kvaliteten på vatn, pandemi og diaretilfelle mm.
- Forsøke å stadig motivere alle samarbeidspartnar til å etterleve og til å informere om smitteverntiltaka etter kvart som dei endra seg.
- Vera tilgjengeleg for spørsmål frå alle delar av kommunen med spørsmål om korleis takle og tolke reglane etter kvart som dei endra seg. Kommuneoverlegen snakka omtrent like mykje med næringslivet, frivillige organisasjonar, kommunale etatar og med enkeltpersonar med spørsmål om korleis familien skulle takle tilhøve
- I mars/april 2020 stod vi i den situasjonen at vi ikkje hadde smittevernutstyr og det var lite kunnskap om Covid-19 viruset i verda. Med tanke på avstand til sjukehus og kommunen sin sårbarhet valde kommuneoverlegen å fatte forbigående innreisekarantene inn i Kviteseid kommune. I etterkant kan ein lure på om det var nødvendig, men vi klarte å unngå smitte i kommunen i den perioden vi var nesten utan smittevernutstyr. Det var særst viktig.
- Omsynet til skulebarn og barnevernsfamiliar når skulane og barnehage har vore stengt har også vore tema som har vore til diskusjon fleire gongar.
- Har vore eit tett og godt samarbeid med Kvitsund gymnas med tanke på at der er det elevar frå store delar av landet og stor moglegheit for smittespreiing.
- I desember 2020 måtte kommunen på kort tid få i hop ein vaksinasjonsplan for vaksinerings av størstedelen av befolkninga mot Covid -19. Sjølve vaksinerings starta i januar 2021.

6.5.2 Psykisk helse og rustenesta

I psykisk helse- og rustenesta har vi 4,7 årsverk. 1 årsverk er knytta til arbeid med barn med barn og unge. Dette året fekk fleire av dei tilsette auka sine stillingsprosentar, etter at ein tilsett gjekk over i anna teneste. Det var hensiktsmessig å auke interne stillingar, då dette sørga for moglegheit til fleire felles treffpunkt for tilsatte. Me har måndagsmøte kvar veke der me går igjennom nye henvisningar og anna informasjon. I tillegg har me fått på plass brukarmøte annankvar veke, for drøfting og veiledning i saker. Me samarbeida tett med andre; legemøte ein gong i mnd, og møte med tenestekontoret ein gong i mnd. Vidare er tre frå psykisk helse med i arbeidsgruppa BTI (Betre Tverrfagleg Innsats) og i «nettverksmøta» som er ei samarbeidsgruppe for helse, skule, politi og barnevern. Her ligg fokuset fyrst og fremst på førebyggjande arbeid.

I tenesta har me er to personar som jobbar inn mot barn og unge, ei i 80% stilling og ei i 20% stilling. Arbeidet i psykisk helse barn og unge har i 2020 fortsett å ha fokus på utvikling av tverrfagleg samarbeid på systemnivå. Faste samarbeid har vore samarbeidsmøte med Kviteseid skule, om lag ein gong i månaden, sos.ped ved Kvitsund kvar 14. dag, samarbeidsmøte med helsestasjon, fysioterapeut og jordmor kvar 14. dag, BUP-drøftingar fire gonger i året, samarbeidsmøte med tenestekontoret ein gong i månaden, i tillegg til planlegging BTI og Nettverksmøte som nemt over. Har og hatt faste ART-timar i samarbeid med sosiallærar i 7. klasse ei gong i veka i tillegg til oppstart av jentegruppe i 5. klasse i desember. Det er og starta opp med veiledningsgruppe på tvers av Vest-Telemark kommunane i regi av kommunepsykologane. Det har vore auka trykk på tenesta med fleire individuelle oppfølgingsløp med individuelle samtaler og foreldresamtaler.

På grunn av den pågåande pandemien hadde me eit begrensa tilbod i tenesta vår i frå mars og ein periode utover våren. Det vart mykje telefonkontakt og gåturar med brukarane, og dagsenteret vart stengt. Det restriksjonane vart nedtrappa i april/mai, og me kunne gradvis byrje å åpne opp igjen. Me såg viktigheten av å kunne møte brukarane våre fysisk. Utover hausten fekk me ei gradvis auke i talet på henvisningar. Det er sannsynleg å sjå det auka trykket i samanheng med ein avgrensing i tilbodet vårt under pandemien og ei generell avgrensing i sosial aktivitet for brukarane av tenesta vår. Av nye henvisningar kom det store

fleirtalet frå fastlegane. Det er framleis individuelle samtaler som utgjer hovudtyngda av arbeidsoppgåvene, i tillegg til dagsentertilbodet to-tre dagar i veka. Me har i 2020 fått pussa opp lokale, og med dette fått eit ekstra kontor til samtaler. Me har også fått eit nytt grupperom der me håpar på å koma i gang med ulike gruppetilbod etterkvart.

Det har vore jobba med tydeligare retningslinjer, interne rutiner og stillingsomtalar i tenesta vår. Det er trong for vidare arbeid her. Ruskonsulentfunksjonen er framleis i utvikling og det er etablert ei nettverksgruppe for denne funksjonen på tvers av kommunane. Eit slikt samarbeid har vore hensiktsmessig og medverkar til trygging og utvikling av tilsette si rolle. Utviklingen av ruskonsulentfunksjon i kommunen og arbeidet med å utvikle ei heilskapeleg teneste til brukare med denne problematikken er ein del av prosjektet etablert med midlar frå tilskotsordningen «kommunalt rusarbeid». Målet med prosjektmidlane er å utvikle tilbodet med vekt på m.a. auka brukarmedverknad i tenestene, tidleg innsats og meir heilskapelege og tilgjengelege behandlings- og oppfølgingstenester.

Me ser at den kommunale tenesta i aukande grad får henvisningar med komplekse saker og omfattande hjelpebehov. Det er ein forventning fra 2. linetenesta at kommunane har kompetanse til å fylgje opp desse brukarane. Me har p.t. to tilsette under vidareutdanning, men ser eit stort behov for kompetanseløft om me skal klare drive ein god fagleg teneste. I året som gjekk har tenesta vår også fått nytta seg av kommunepsykologane. Fokusområde for psykologtenesta er barn og unge, 0 - 23 år, frå og med svangerskap. Det har blitt laga tydeligere rutiner for bruk av denne tenesta med særskilt satsing på tenesteutvikling og fagleg støtte og kompetanseheving til fagutøvarar som arbeider med barn og unge i ulike tenester. Kommunepsykologane deltek i ulike nettverksmøte og har medverka med veiledning i enkelte saker. Det er tenkt at psykologressursen skal fordelast skjønnsmessig etter behov, med målsetting om at fordelinga av ressursen mellom kommunane blir lik over tid. Det er ikkje sett ein prosentvis fordeling av arbeidsoppgåver mellom systemretta arbeid, klinisk arbeid og rettleiing av faggrupper og profesjonar.

6.5.3 Helsestasjon- og skulehelsetenesta

- 2020 har som for alle andre vore eit annleis og krevjande år!
- 21 gravide har hatt oppfølging av jordmor.
- Det vart ikkje arrangert fødselsforberedande kurs eller barselgrupper, grunna pågåande pandemi.
- Jordmor Merete Kaste har permisjon frå stillinga si frå desember 2020 og eit år fram. Else Hansen er tilsett i vikariatet.
- Hovudtyngda av arbeidsoppgåvene til helsestasjonen er førebyggjande og helsefremmande oppgåver. Det vert utført lovpålagte tenester på helsestasjon- og skulehelsetenesta i form av individuelle konsultasjonar, samtaler med elevar, foreldre, undervisning, vegleiing, deltaking på foreldremøte, samarbeidsmøte, ansvarsgruppemøter osv.
- Fødselstalet i 2020 var 20 stk.
- Me har hatt ein positiv tilvekst! Fleire nyttilflytta familiar busette seg i kommunen, og dermed fleire som nyttar seg av tilbodet til helsestasjon- og skulehelsetenesta.
- Skulehelsetenesta har eit godt samarbeid med skulane i kommunen. I tillegg har ein byrja arbeidet med å etablere eit tettare samarbeid med barnehagane. Dette held fram i 2021.
- Me deltek i «Sterk og klar.» I tillegg prosjektet «Betre saman!» (BTI). Både prosjekt er i samarbeid med andre instansar i kommunen, slik som for t.d. skule og barnehage.
- Tenesta har eit tett samarbeid med kommunepsykologane. Både helsesjukepleiarane deltek i rettleiingsgruppe saman med helsesjukepleiar(ar) i Fyresdal, Nissedal, Tokke og Seljord.

- Koordinatorarbeid for born og familiar held fram. Tenesta merkar auka pågang frå born som har trong for koordinator og koordinerte tenester. Me har eit nært samarbeid med tenestekontoret, med faste møte kvar 4. måndag i månaden.
- Helstasjon for ungdom (HFU) har hatt auka besøkstal. ¾ av året har me ikkje hatt drop-in, men ein har måtta bestilt time i forkant av konsultasjonen. Dette grunna pandemi og ombygging på helsesenteret. Tenesta mista tilgangen til venterommet sitt vår/sommaren 2020.
- Elektronisk meldingsutveksling har me byrja å jobbe med. Dette arbeidet held fram i 2021. Tenesta bytta fagprogram på slutten av året.
- Arbeidsmengda ved helsestasjon- og skulehelsetenesta har til tider vore krevjande og i overkant av det tenesta kan klare å handtere, men grunna godt arbeidsmiljø, fleksibilitet og god evne til samarbeid har ein fått det til
- Me har til dels fått utført alle lovpålagte oppgåver, forutan nokre 8. klasse samtaler/konsultasjonar som me ikkje har fått utført grunna nedstengning av skulen. I tillegg utgjekk noko av den faste undervisninga på skulen. Me har i år ikkje arrangert barselgrupper eller gjeve foreldrerettleiing i gruppe, grunna pandemi. Nokre spe- og småbarnskonsultasjonar vart også utsett grunna pandemi.
- I mars vart båe helsesjukepleiarane omplassert til andre einingar i kommunen. Helsestasjon- og skulehelsetenesta hadde kun tilbod 1 dag i veka (20%). Me var tilgjengeleg pr. tlf. dei andre dagane i veka. Tilbodet vart i hovudsak berre gjevne til dei yngste borna, slik at ein fekk utført sped- og småbarnskonsultasjonane. Me fylgte dei nasjonale anbefalingane frå Helsedirektoratet.
- I etterkant har me sett ein auke etterspurnad hjå born, unge og deira familiar som slit, og me sit igjen med at me omplasserte oss for rask til andre einingar. Helsestasjon- og skulehelsetenesta har hatt mange saker i 2020 som kravde mykje oppfylgning, aleine eller saman med andre samarbeidande instansar. Me opplever auka trykk under og etter nedstegning av barnehage og skule, mellom anna born og unge med fleire samansette problem, einsemd, sjølvskading, familiære problem og utfordningar knytt til alkohol og rus.

6.5.4 Fysio/ergoterapitenesta

- Ergoterapeut starta september 2020. Ergoterapeuten har ansvar for ergoterapirelaterte oppgaver og hjelpemiddelformidling for både barn og voksne. Ergoterapeut og fysioterapeut samarbeider i kartlegging og oppfølging der dette er hensiktsmessig.
- Fysio- og ergoterapitjenesten består av ein fysioterapeut med driftstilskudd, to kommunale fysioterapeuter i 20% og 100% og ein ergoterapeut i 60 %. Kommunal fysioterapeut i 20 % har lokale på helsesenteret, mens resten av tenesta held til i lokale på KOS. På grunn av endringar og nyoppussede lokale på helsesenteret blei fysioterapeuten flytta opp på det tidligare venterommet på helsestasjonen.
- Det er regelmessige møte og godt samarbeid mellom privat og kommunale fysioterapeutar/ergoterapeut.
- Covid-19: Tenesten var heilt stengt ned 6 veker våren 2020, men har elles vore i drift for ein-til-ein konsultasjonar. Det blei laga rutiner med fokus på auka tid mellom kvar pasient til vask av utstyr/lokale. Det er også bruka eigen inngang inn til fysioterapilokalena på KOS.

Grupper har ikkje vore i drift dette året, og dermed har det vore pause i førebyggjande tiltak. Kommunal fysioterapeut fekk opplæring ift e-meldinger på tenestekontoret ved behov for omdisponering.

- Kommunal fysioterapeut brukar 10 % av stillinga knytt til prosjektet implementering av velferdsteknologi.

6.5.5 Interkommunal psykologteneste for Nissedal, Fyresdal, Kviteseid, Tokke og Seljord

Om eininga:

Fokusområde: Barn og unge, 0-23 år.

Hovudoppgåver:

- Medverke til samordna tenesteutvikling i dei fem kommunane
- Tverrfagleg samarbeid, primærførebyggjande og i enkelt saker
- Rettleiing av faggrupper og profesjonar
- Klinisk arbeid

Tal på tilsette	Tal på årsverk
Fram til august 1 psykolog, deretter 2 psykologar	Fram til august 1 årsverk, deretter 2 årsverk (eller legg ein dei saman: 1,4 årsverk)

Samarbeid:

Samarbeidspartnare for tenesta er helsepersonell som arbeider med barn og unge i dei fem kommunane. Via helsetenestene i den einskilde kommune samarbeider psykologane også med skular og barnehagar. Andre samarbeidspartnare er til dømes Barn og unges psykiske helsevern (BUP- Notodden), Distriktspsykiatrisk senter (DPS), Barnevernssamarbeidet i Vest-Telemark, Vest-Telemark PPT, NAV og styringsgruppa for psykologtenesta.

Avtale om vertskommunesamarbeid jamfør kommunelova §20 mellom kommunane Fyresdal, Tokke, Nissedal, Seljord og Kviteseid, frå juni 2019, er ei samarbeidsavtale om psykologstillingar som definerer rammene for psykologtenesta. I 2020 har psykologane i den interkommunale psykologtenesta utvikla ein framgangsmåte for involvering av psykolog, som blei godkjend av styringsgruppa på møte den 30.10.20.

Sjukefråvær

Ein tilsett var 100% sjukemeldt i 10 veker i tidsrommet medio juni til medio oktober.

Oppgåver det er jobba særskilt med

Etablering og utvikling av den interkommunale psykologtenesta.

Utfordringar i 2020 det må jobbast vidare med i 2021

Psykologane har i 2020 dokumentert klinisk arbeid i ulike program i dei fem kommunane. Dette har vore tidkrevjande og til dels upraktisk og uoversiktleg. Det er bestemt at ein skal skaffe eit eige journalprogram til den interkommunale psykologtenesta. Dette er ikkje etablert ved inngangen til 2021 og må jobbast vidare med i 2021.

Som etterspurnaden har vore i 2020, er kapasiteten i tenesta for liten med ein psykolog. Ved utgangen av 2020 vedtok vertskommunen at det ikkje ville bli søkt etter vikar for psykolog som skal i permisjon dei tre siste kvartalane av 2021. Dette vil få implikasjonar for oppgåveløysinga i tenesta. Både styringsgruppe og arbeidsgruppe er orientert om dette.

Ein har i 2020 hatt ein tenestebil til to psykologar. Ut frå arbeidsavtala heiter det at kvar psykolog skal ha tilgang på tenestebil. I siste kvartal av 2021 bør det skrivast kontrakt på bil nummer to, slik at begge psykologane disponerer bil når det er to psykologar i tenesta att.

Kompetansetiltak

- Spesialiseringskurs og spesialiseringsretteleiing for ein psykolog
- Opplæring i nytt journalprogram

I fyrste kvartal arbeida psykologen med å gjere seg vidare kjend med kommunane, målgruppa (t.d. ungdomsråd), tenesteorganisering, samarbeidsarenaer, samarbeidspartnarar, tiltak for barn og unge, samt aktuelle lovverk, retningslinjer, rettleiarar og relevant statistikk. Det same har vore gjeldande for den andre psykologen frå august. Psykologane har gjennom året delteke på tverrfaglige samarbeidsarenaer, både på individ- og systemnivå i alle kommunar. Dei har inngått i samarbeid om å etablere tverrfaglege samarbeidsarenaer, som *Barne- og ungdomsteam*, *Samarbeidsmøte barn og unge* og *Samarbeidsmøte vidaregående skule og helse*. Tenesta har sidan januar 2020 vore involvert i arbeid med å utvikle BTI-prosjektet i ein kommune, og dei to siste kvartala delteke i implementering av prosjektet i kommunen sine barnehagar.

Etter behov hjå aktuelle samarbeidspartnarar, har psykologane drøfta saker og gjeve rettleiing i både individ- og systemsaker. I fyrste kvartal har ein teke initiativ til å etablere interkommunale rettleiingsgrupper for helsesjukepleiarar og psykisk helse barn og unge. I andre kvartal har ein starta opp to grupper, som begge hadde fire rettleiingsmøte i løpet av 2020. Ein har og halde interne rettleiingar for helsepersonell i nokre kommunar. Psykologane har i samarbeid med lokalt helsepersonell vore involvert i klinisk arbeid med einskildsaker gjennom heile året. I siste kvartal starta ein opp sekundærførebyggjande samtale- og aktivitetsgrupper i samarbeid med lokal helseteneste i eit par kommunar. Frå mars og ut året har restriksjonar i samband med koronapandemien påverka rammene for tenesta. I halve mars og heile april arbeida psykologen berre frå heimekontor. Ei arbeidsoppgåve i denne tida var å ta initiativ til og arbeide for å opprette og drifte ein kontakttelefon for barn og unge. Vidare rettleia psykologen fagpersonar som fungerte som kontaktpunkt for barn og unge då skulane var stengde. Vidare utvikla ein innhald til alle kommunane sine nettstader, med informasjon til barn, unge og familiar om psykisk helse under koronapandemien. Ein heldt fast på kontakt med barn, ungdom og familiar som psykologen allereie hadde kliniske løp med, per telefon og oftare enn ved fysiske møte innan nedstenginga. Aktivitet i allereie etablerte samarbeidsfora heldt fram digitalt. Resten av året har psykologane arbeida frå heimekontor i periodar, og har i større grad nytta digitale flater for møteverksemd. Det har vore prioritert å gjennomføre fysiske møte med sårbare barn, unge og familiar.

Gjennom året har ein kontinuerlig jobba med å utvikle psykologtenesta. Ei sentral oppgåve har vore å skaffe fagprogram. Ein har undersøkt ulike alternative fagprogram, regelverk for offentlege innkjøp, og utarbeida analyse av fordelar og ulemper og behovsbeskriving. Ved inngangen til 2021 er ein framleis i prosess med å finne framgangsmåte for innkjøp av journalprogram. Som mellombels løysing vart det etablert brukarkonti for psykologane i fagsystema lokalt i kvar av dei fem kommunane. Psykologane har avhengig av kommune dokumentert klinisk arbeid i Profil, CMG Win.med eller Infodoc.

I tredje kvartal vart det utarbeida ein framgangsmåte for korleis involvere psykolog i samarbeid. Denne vart presentert for styringsgruppa og relevante samarbeidspartnarar i fjerde kvartal. I samband med dette blei det skriva ny tekst til heimesidene. I siste kvartal gjennomførte ein fyrste møte i styringsgruppa. I same periode initierte psykologtenesta etablering av arbeidsgruppa, som har fyrste møte i 2021. I siste kvartal utarbeida eit utkast til plan for psykologtenesta si verksemd for 2021. Ein har vidare tatt initiativ til og arbeida med å organisere ein interkommunal tenestedag, som skal skje i fyrste kvartal, 2021.

Ein psykolog har starta på spesialiseringsprogrammet for psykologar, og begge har delteke i rettleiing med psykologspesialist frå september, noko av dette er gjennomført digitalt. Ein har delteke på kurs i teieplikt og kurs i nevroaffektiv utviklingspsykologi. Begge har delteke på kurs for nyttilsette psykologar i kommunen og i psykolognettverk i området. Kurs- og spesialiseringsaktivitet har blive sterkt redusert på grunn av pandemi.

7 Skule og barnehage

Sektor for skule og barnehage består av desse einingane med slik bemanning hausten 2020:

- Kviteseid skule har 190 elevar og 31,12 årsverk
- Brunkeberg oppvekstsenter, skule har 28 elevar og 4,66 årsverk
- Straumsnes oppvekstsenter, skule har 0 elevar og 0 årsverk
- Straumsnes oppvekstsenter, barnehage har 8 barn og 3,60 årsverk
- Brunkeberg oppvekstsenter, barnehage har 29 barn og 9,1 årsverk
- Kviteseid barnehage har 40 barn og 11,6 årsverk
- Kulturskulen har 98 elevplassar nytta av 86 elevar og 2,7 årsverk (fordelt på 7 tilsette)
- Barnehagane har 0,8 årsverk i styrka tilbod til førskulebarn (spesialpedagog)
- Skuleeigar, barnehageeigar og barnehagemyndede (kommunenivå) har 1 årsverk
- Kviteseid bibliotek har 1 årsverk

Kjelde på skule og kulturskule: GSI 2020 (teljetidspunkt i oktober) Kjelde på barnehage: BASIL 2020 (teljetidspunkt desember 2020)

Krava til lærarnorma er 15 elevar på 1.- 4. trinn og 20 elevar på 5. -10. trinn. Kravet er på skulenivå, det vil seie at det ikkje er eit krav til lærarar per klasse.

Barnehagane har følgjande krav:

Bemanningsnorm for barnehagar set krav om at barnehagen har ei bemanning som minimum svarar til ein tilsett per tre barn under tre år og ein tilsett per seks barn over tre år.

Pedagognorma set krav om at det skal vera minst ein pedagogisk leiar per 7 barn under tre år og minst ein pedagogisk leiar per 14 barn over tre år. Barn reknast som tre år frå 1. august det året dei fyller tre år. Eit barn til løyser ut krav til ei ny fulltidsstilling som pedagogisk leiar.

Skulane og barnehagane har gjennomført planleggingsdagar i tråd med avtale (seks per skuleår og fem per barnehageår). Skulane og kulturskulen har faste personalmøte kvar veke. Alle barnehagane har gjennomført personalmøte i gjennomsnitt ein gong kvar månad, utanom juli og under nedstenginga frå mars til mai 2020. Det har vore møte for leiarar i barnehage og leiarar i skule med kommunalsjef ca. ein gong i månaden, utanom juli. Det har vore mykje ekstra møteverksemd knytt til handtering av Koronasituasjonen, både for leiing i skule og barnehage, særleg frå mars til juni 2020.

7.1 Status og utfordringar i skule og barnehage

Årets største hending fann stad 16. januar. Då var det offisiell opning av nye Kviteseid skule. Etter ein lengre periode i brakkerigg, med dei utfordringane det førte med seg, var det etterlengta å kome inn i det nye, opne, fargerike bygget. Vi er takksame og svært nøgde med dei endelege løysingane som har blitt valde. Ved innflyttinga fekk også 5.-10. trinn utdelt læringsbrett, og lærarane fekk siste opplæringsbolk frå ATEA. Det skulle vise seg at vi snart skulle få ekstra god bruk for den digitale oppgraderinga. 12. mars stengte alle skulane i Noreg dørene for ordinær undervisning.

Året 2020 har vore prega av Korona-pandemien. Stenginga var ei fundamental omvelting av drifta på sektoren. I skule var vi heldige som hadde 1:1 læringsbrett for alle elevar og lærarar. Dette var avgjerande for oss i situasjonen vi hamna i og gjorde moglegheit for kommunikasjon med eleven mykje lettare på alle trinn.

Sjølv om ein var godt i gang med digital utvikling i skulen, var ein ikkje klai for ein situasjon med fjernundervisning. 12. mars 2020 då Noreg stengte ned, fekk lærarane fredag 13. mars til disposisjon til å planleggje digital undervisning, og heimeskule starta måndag 16. mars.

Fleire lærarar starta likevel opp allereie på fredagen med undervisning. Når skulen stengte, hadde ikkje Kviteseid kommune tilgang på Teams. Skulen nytta etter kvart Zoom som videoverktøy. Dette måtte lærarane lære seg sjølv. Alle klassar nytta Zoom i større eller mindre grad etter kvart. Nesten alle klassar nytta Showbie i tillegg. Utover våren fekk Kviteseid kommune Teams på plass, og alle lærarane har etterkvart fått opplæring i dette og i andre digitale verktøy og plattformer til nytte både ved fjernundervisning, og i den vanlege skulekvardagen.

12. mars stengte også barnehagane i Noreg. Samstundes skulle det opprettast eit tilbod til barn med foreldre i samfunnskritiske yrke. Styrarane i barnehagane bruka mykje tid på å organisere tilbodet og ta i vare omsynet til smittevern, som på denne tida var eit nytt fenomen for oss. Stadige endringar i det nasjonale regelverket, særleg med tanke på kva som vart rekna som samfunnskritiske yrke, gjorde situasjonen ennå meir krevjande. Dei tilsette som ikkje var på jobb i barnehagen, fekk oppgåver knytt til fagleg utvikling. Vi arbeidde med tema frå satsinga «inkluderande barnehage og skulemiljø». Vi hadde stor nytte av at alle tilsette i barnehagen hadde ipad. Det gjorde kommunikasjon/overføring av informasjon, gjennomføring av digitale møter og arbeid med fagleg oppdatering mogleg. Nokre tilsette var omdisponert til å jobbe på andre sektorar.

Frå slutten av april 2020 opna barnehage og skule gradvis opp att.

I Kviteseid kommune opna barnehagane opp att for alle barn 22. april 2020. Då var det kome ein nasjonal smittevernrettleiing kalla «trafikklysmodellen» på plass for alle barnehagar i Noreg. Barnehagane opne med smitteverntiltak på «raudt nivå». Rettleiaren stilte m.a. krav til storleik på gruppene, og vi fekk innført omgrepet *kohort* i skule og barnehage. Krava til smittevern slo ulikt ut i barnehagane. Straumsnes barnehage, som hadde 9 barn, kunne i størst grad tilbake til normal drift. For Kviteseid barnehage var arealet for lite, og førskulebarna blei etablert i ei eiga avdeling i Kviteseidhallen.

1.- 4. trinn på skulane opna opp att samstundes med barnehagane. Frå 11. mai (veke 20) var alle trinn tilbake på skulen. Skulen hadde også fått ein smittevernrettleiing å følgje, som stilte ulike krav på nivåa «grønt», «gult» og «raudt». Skulen var på «raudt nivå». Våren 2020 var alle eksamenar, både skriftleg og munnleg, for 10. trinn avlyst.

Hausten 2020 starta alle skular og barnehagar i Noreg opp på «gult nivå» i smittevernrettleiaren. I Kviteseid kommune var vi på dette nivået ut 2020. Dette gav oss meir handlingsrom og ein større normalitet i kvardagen. Likevel var det strenge reglar knytt til smittevern, mellom anna gjaldt dette kontakt på tvers av klasser i skulen og grupper i barnehagen. Skule- og barnehagedagen har store begrensningar, også på «gult nivå».

Sidan vi ikkje hadde smitte geografisk i Kviteseid kommune i 2020, har vi hatt det lettare enn mange andre kommunar, som har veksla mellom «gult» og «raudt nivå» og hatt både elevar, barn og tilsette i karantene. Utover hausten stabiliserer situasjonen seg på «gult nivå» og sjølv om det framleis prega korleis vi måtte disponere tida og arbeidsoppgåvene våre, var det mindre påtrengande enn våren 2020. Alle tilsette, inkludert leiing, på alle skulane, barnehagane og i kulturskulen har handtert situasjonen på ein god og profesjonell måte og vi er svært takksame for den store innsatsen som alle har lagt ned.

7.2 Einskildvedtak i skule og barnehage

I 2020 hadde Kviteseid barnehage eitt barn med minoritetsspråkleg bakgrunn. Barnehagane i Brunkeberg og Straumsnes hadde ingen. Kviteseid skule hadde 8 elevar med minoritetsspråkleg bakgrunn og vedtak etter opplæringslova § 2-8, særskilt språkopplæring. Det var ingen elevar med dette på Brunkeberg oppvekstsenter.

Hausten 2020 var det to barn med vedtak om spesialpedagogisk hjelp i barnehagane. I skulane var det ved rapportering i oktober 26 barn med vedtak om spesialundervisning etter opplæringslova § 5-1. Dette utgjør 11,9 %. Landsgjennomsnittet var 7,6 %.

Det er meldt inn sju individualsaker og ei systemsak knytt til trygt og godt skulemiljø, opplæringslova §9A. I tillegg har ein jobba med to saker frå 2019. Det er laga åtte tiltaksplanar i 2020. To av dei ti sakene er handsama hjå Fylkesmannen i Vestfold og Telemark (nå Statsforvaltaren). Ein har og jobba på systemnivå med klasse- og læringsmiljøet i to klassar, der skulen har fått rettleiing av firmaet «God skole».

Både elevar med vedtak om særskilt språkopplæring og elevar med vedtak om spesialundervisning krev økonomiske ressursar. Det kan også oppfyljing av retten til eit trygt og godt skulemiljø (oppl. §9A) gjere. Tiltak som er best egna til å gjenopprette eit trygt og godt miljø skal settast i verk, uavhengig av økonomi.

«Inkluderande barnehage og skulemiljø»

Alle kommunane i Vest-Telemark har delteke i pulje tre av satsinga «inkluderande barnehage og skulemiljø» frå utdanningsdirektoratet. Arbeidet starta opp hausten 2018, og vart avslutta desember 2020. Satsinga har gjeve økonomisk stønad til ein ressursperson i barnehage i 20 % stilling og tilsvarande på skule. Satsinga stilte krav til etablering av nettverk for ressurspersonane. Vi har hatt eit felles nettverk for Vest-Telemark i samarbeid med universitetet i Sør-aust Noreg (USN). I arbeidet med sluttevalueringa rapporterte både skule og barnehage at dei på fleire område i stor grad har hatt utbyte av deltakinga.

Grunna Korona-situasjonen er det ikkje alle planlagde tiltak vi kunne gjennomføre i 2020. Nokre tiltak måtte få ei anna form. Til dømes var den siste nasjonale fagsamlinga hausten 2020 gjort om til ei digital samling, som vi følgde kommunevis. Haustens store planlagde hending, ein felles planleggingsdag for alle tilsette i både barnehage og skule i Vest-Telemark, måtte vi naturleg nok avlyse. For barnehage fekk vi i staden eit digitalt foredrag som vi følgde kommunevis. I skulen var vi heldige og fekk vera publikum for eit foredrag som blei tatt opp og gjort tilgjengeleg for alle skulane i Vest-Telemark. Vi var godt nøgde med bae foredraga, som knytte tema «inkluderande miljø» an til fagfornyinga i skule og komande lovendingar frå 2021 i barnehage.

Tilskotsordning for lokal kompetanseutvikling i barnehage og grunnpoplæring

Måten å drive kvalitetsutviklingsarbeid i skule og barnehage på er i endring. Frå å ha sterk statleg styring på satsingsområde og innhald gjennom utdanningsdirektoratet, til å bli eit partnerskap mellom regionale nettverk, den einskilde kommune og universitet- og høgskulesektoren. Lokal kompetanseutvikling stiller høgare krav til regionalt samarbeid, særleg for små kommunar. Det krev også større tidsmessig ressursbruk og høg fagleg kompetanse både på eigarnivå (kommune) og på leiarnivå (den einskilde skule og barnehage).

Tilskotsordninga er forskriftsfesta, og består av desse tre delane:

- Regional ordning for kompetanseutvikling i barnehage («rekom»)

- Desentralisert ordning for kompetanseutvikling i grunnskule og vidaregåande skule («dekomp»)
- Kompetanseløft for spesialpedagogikk og inkluderande praksis («kompetanseløftet»)

Rekom og dekom starta opp i 2017. Kompetanseløftet starta opp i 2020. Dei tre delane i tilskotsordninga skal sjåast i samanheng med kvarandre, og med fagfornyinga i skule.

Alle dei seks kommunane i Vest-Telemark samarbeider kring rekom og dekom. I barnehage (rekom) har vi i 2020 sett ordninga i samband med «inkluderande barnehage og skulemiljø» og dei komande lovendingane knytt til trygt og godt barnehagemiljø frå 01.01.21. Det betyr at vi både på felles styrarsamlingar i Vest-Telemark og på planleggingsdagen i november har jobba med tema lek som inkludering. Korleis kan tilsette i barnehagen legge til rette for inkluderande lek, og korleis kan ein hjelpe barn som strevar inn i lek? Dette er eit av fleire spørsmål som har blitt utforska.

I dekom er alle skulane i Vest-Telemark i gang med ei kartlegging av ståstad. Kartlegginga skal gje både lærarar og elevar ei stemme inn i val av utviklingsområde i skulen. Val av utviklingsområde skal knytast opp mot fagfornyinga. Skulane i Kviteseid skulle gjennomført ståstadkartlegginga hausten 2020, men arbeidet vart utsett til våren 2021 og er i skrivande stund godt i gang.

Vidareutdanning av lærarar

Eit av elementa i Regjeringa si satsing «Lærarløftet» er at alle elevar innan 2025 skal møte ein lærar i norsk, matematikk og engelsk, som har fordjuping i faget. På barneskulen er det krav til 30 studiepoeng i dei tre faga, på ungdomstrinnet er det krav til 60 studiepoeng i dei tre faga. Skuleeigar har ansvar for å tilby vidareutdanning til dei lærarane som treng det for å oppfylle krava innan fristen. Det er lagt opp til gode finansieringsordningar, men ordninga er ikkje fullfinansiert.

Skuleåret 2020/21 har vi i Kviteseid to lærarar på utdanning i ordninga. I tillegg har vi ein avdelingsleiar som tek rektorutdanning og ein lærar som fullfører praktisk-pedagogisk utdanning.

I barnehagane har vi ein barnehagelærar som tek vidareutdanning. Her er ordninga ikkje like omfattande. Til dømes er det ikkje frikjøp frå stillinga i same grad som i skule.

Tverrfagleg arbeid i skulen

Fagfornyinga set fokus på bestemte tverrfaglege tema spesielt og tverrfagleg arbeid generelt. Dette kan løysast på mange måtar, og bør sjåast i samanheng med gjeldande praksis i skulekvardagen. På planleggingsdagane i august hadde skulen besøk av lærarar frå Mæla ungdomsskule i Skien, som fortalde om korleis dei hadde nytta metoden «storyline» i utviklinga mot auka tverrfagleg samarbeid. Dei ulike trinna ved Kviteseid skule og Brunkeberg oppvekstsenter har i ettertid satt seg som mål å prøve ut metodikken storyline på ulike tema.

Ved Brunkeberg oppvekstsenter vart dei inspirert av lærarane frå Mæla ungdomsskule til å jobbe med ein ide dei har kalla «Markens grøde». Dei ynskjer å etablere eit avgrensa uteområde kor dei kan sjå heile prosessen i samanheng, frå å så og dyrke, til å lage mat – alt saman ute. Her er det mange fag, kompetansemål og verdiar frå fagfornyinga som kan knytast til prosjektet. Dei har søkt og fått tilsagn på økonomiske midlar til dette. Barnehagen ved oppvekstsenteret vil også vera ein del av prosjektet og ynskjer å bidra i utviklinga av ideen frå sin ståstad, knytt opp mot fagområda i rammeplanen.

Eit av måla for prosjektet «markens grøde» er å auke elevane si interessa for natur og miljø ved å legge undervising til uteområda. Ved å bruke uteområda som klasserom, vil elevane få ei større forståing av naturens ibuande verdi. Per dags dato har elevane på Brunkeberg oppvekstsenter uteskule ein gong i veka hele året rundt der det blant anna er fokus på sporlaus ferdsel og berekraft.

Eit anna mål for prosjektet er å få til meir tverrfagleg i undervising. Metoden som skulen skal bruke er "Storyline" der elevane må leve seg inn i roller som til dømes bonde eller gartnar.

For å få læringsrammene realistiske er det viktig å ruste opp uteområda slik at ein kan etablere kjøkkenhage og gode undervisingsområde ute. Dei økonomiske midlane vil gå til å bygge gapahuk og kjøkkenhage.

Skulen trur at elevane si utforskartrøng og læringsglede blir aktivert når dei er ute i naturen. Det legg og til rette for tilpassa undervisning og gode meistringsopplevingar både hos alle elevar, samstundes som det bygger fellesskap, gode relasjonar og psykisk helse. Det er og viktigare enn nokon gong å ha fokus på fysisk læring for å ivareta folkehelse og grunnleggjande motorikk hjå elevane i dagens teknologiske samfunn.

Opprustinga av uteområda og etableringa av kjøkkenhagen er eit samarbeidsprosjekt mellom skule og barnehage.

«Betre saman» (Betre tverrfagleg innsats – BTI)

I desember 2019 fekk Kviteseid kommune støtte til å sette i gang prosjektet «Betre tverrfagleg innsats (BTI)». Vi har valt å gje prosjektet i Kviteseid namnet «Betre saman». Prosjektet skal styrke det tverrfaglege samarbeidet i kommunen til det beste for alle barn og unge. Målsettinga er å tidleg avdekke barn som er i ein sårbar situasjon, og raskt kunne tilby støtte og hjelp. Prosjektet består i å utarbeide ein digital modell for samarbeid, og ein handlingsrettleiar. Prosjektperioden er på to år, til desember 2021. Etter det er det høve til å søke om ytterlegare støtte til implementering.

Det er kommunalsjef skule og barnehage som er prosjektleiar. Det er oppretta ei arbeidsgruppe, som er sett saman av leiarar og fagpersonar frå skule, barnehage og helse. Andre instansar blir kalle inn etter behov.

Prosjektet fekk ein trong start på grunn av Korona-situasjonen. Korona gjorde det våren 2020 vanskelegare å møtast på tvers av einingar og sektorar. I tillegg kravde situasjonen mykje tid og fokus frå alle tilsette, både på helse og oppvekst. Vi klarte likevel mot sommaren å ta inn att mesteparten av det tapte i tråd med forventa framdrift, og gjennom hausten 2020 har arbeidsgruppa kunne jobbe som normalt.




Læringsresultat

Det var gode resultat for Kviteseid på statistikken over grunnskulepoeng våren 2020. Elevane i Kviteseid låg 2,1 poeng over landsgjennomsnittet og 2,9 poeng over snittet i Vestfold og Telemark fylke.

Grunnskulepoeng blir rekna ut ved at alle dei avsluttande karakterane som er førte på vitnemålet, skal leggjast saman og delast på talet på karakterar, slik at ein får eit gjennomsnitt. Etterpå skal ein gonge gjennomsnittet med 10.

Indikator og nøkkeltall	2015–16	2016–17	2017–18	2018–19	2019–20
Grunnskulepoeng, gjennomsnitt					
Kviteseid kommune skoleeier	43,6	42,4	43,6	43,3	45,2
Vestfold og Telemark fylke					42,3
Nasjonalt	41,1	41,4	41,7	41,9	43,1

Kviteseid kommune skoleeier, Grunnskole, Grunnskulepoeng, Offentlig, Trinn 10, Begge kjønn

   Ingen Vis antall

Både sentral gjeven skriftleg eksamen og lokal gjeven munnleg eksamen var avlyst våren 2020 på grunn av Korona-situasjonen.

Fleire læringsresultat vil bli presentert i den årlege tilstandsrapporten for skule.

7.3 Kulturskulen

Det er 7 tilsette som samla har ein stillingsressurs på 2,7 årsverk, inkludert kulturskulerektor i Kviteseid kulturskule. For å dekke ei breidde i tilbodet er dei fleste stillingane små, og alle lærarane har fleire arbeidstilhøve. Dirigent for Kviteseid Hornmusikk er tilsett i kulturskulen.

I perioden 12. mars til 18. mai måtte all undervising bli digital. Dette tok lærarane på strak arm og starta opp med ein gong på dei plattformene lærarar/elevar/foreldre hadde tilgjengelege. Kulturskulen fekk ei oppgradering på IKT-kompetanse, eit etterlengta løft på heilt naudsynt datautstyr, tilgang til Teams og moglegheit for heimekontor.

Siste månaden før sommarferien var det fysisk undervising for individuelle elevar med svært strenge smitteverntiltak, medan ein frå hausten av kunne undervise tilnærma som normalt. Gruppeundervising for dans og «fargeband» blei gjennomført utandørs så lenge veret var på vår side.

Den store sommarkonserten på Viktoriafestivalen blei avlyst, men det blei gjennomført tre huskonsertar i desember i tillegg til korpset sin Disney-konsert som hadde blitt avlyst tidlegare.

I tillegg til vanleg undervising har kulturskulen som eit breiddetilbod besøkt Kviteseid barnehage med ein lærar kvar måndag og SFO har kome til hallen med grupper kvar onsdag. Brunkeberg barnehage står for tur når smittetrykket lettar.

Ny kulturskuleplan blei ferdigstilt og politisk vedtatt 05.05.2020.

Elevtallet har stige sidan 2019. Ved utgangen av 2020 var det 98 elevplassar nytta av 86 elevar innan områda musikk, inkludert korps, og dans. I eit så krevjande år, må dette tolkast til å vere eit kvalitetsteikn ved Kviteseid kulturskule.

7.4 Vaksenopplæring

Vaksenopplæringa i Seljord hadde våren 2020 seks deltakarar frå Kviteseid kommune, og tre deltakarar i haustsemesteret. Deltakarane har rett og plikt til norsk med samfunnskunnskap etter introduksjonslova, eller rett til grunnskuleopplæring etter opplæringslova. I tillegg til opplæring får deltakarane rettleiing og hjelp til å søke vidaregåande skule, arbeid og kurs. Dei tar også lovpålagte prøver i norsk og samfunnskunnskap i samband med søknad om permanent opphald og statsborgarskap.

Vaksenopplæringa vart stengd for skuleundervising etter nasjonale retningslinjer i mars, men opna straks det vart mogeleg i april. I stengingsperioden hadde deltakerane tilbod om nettundervisning på Zoom og læringsplattforma Showbie. Vi la også stor vekt på informasjonsarbeid gjennom omsett materiell og oppfølging av den enkelte deltakar over telefon. På raudt nivå har vi hatt redusert oppmøte i korte periodar, men heile tida hatt tilbod og tett oppfølging av deltakerane.

Kviteseid kommune har i samarbeid med Vest-Telemark vidaregåande og Tokke kommune ein elev som tek helsefagarbeidarutdanning etter ein ny modell. Erfaring viser at mange med annan språkbakgrunn slit med å fullføre yrkesutdanningar. Telemark fylkeskommune har derfor i samarbeid med Tokke kommune utvikla ein modell kor utdanninga går over 5 år, og kor praksis er inkludert som ein del av utdanninga allereie frå fyrste året. Målsettinga er eit tettare samarbeid mellom skule og praksisstad for ei betre utvikling av fagspråket. Dette vil gjera det lettare å bestå eksamen og fagprøve og å fullføre tida som lærling.

7.5 Biblioteket

Frå 12. mars til 18. mai var også biblioteket stengt. I denne perioden blei tida brukt til å rydde ned frå hyller i 1. etasje og installere hjul på dei. Når det igjen er mogleg, kan ein nå gjennomføre arrangement i 1. etasje ved å skuve hyllene inn til sidene. Det er også montert lerret og projektor med tanke på dette. I tillegg vart også musikksamlinga gjennomgått og rydda i.

18. mai opna biblioteket igjen med smitteverntiltak jf. nasjonal rettleiar. Det var ein periode usikkerheit knytt til handsaming av bøker med tanke på smitte, men etterkvart landa råda på at biblioteket kunne låne ut og handsame bøker i tråd med normal praksis.

Biblioteket har halde på den etablerte rutina med nye titlar på hylla over nyheiter kvar veke.

Desse blir også lagt ut med både tekst og bilete på biblioteket si Facebook-side.

Møterommet har gjennom året blitt jamleg bruka av pensjonistlaget, historielaget og husflidslaget.

7.6 Felles handlingsplan:

Område	Tiltak	Evaluering
Inkluderande barnehage og skulemiljø	Barnehage og skule: -Delta i den nasjonale satsinga «Inkluderande barnehage- og skulemiljø» saman med dei andre kommunane i Vest-Telemark. -Delta i interkommunalt nettverk for ressurspersonane i satsinga.	-Prosjektet vart avslutta desember 2020. Sluttevalueringa syner at både skule og barnehage opplever å ha hatt stort utbyte av deltakinga. -To samlingar vart gjennomført som planlagt. Ei samling vart gjennomført digitalt. Ei samling vart avlyst grunna Korona-situasjonen.
Bruk av digitale verktøy	Barnehage: -Implementere «Strategiplan for digitalisering av oppvekstsektoren» i Kviteseid kommune -Vidareføre kompetansen på språk og språkutvikling frå «Språkløyper» inn i den digitale satsinga -Ta i bruk moglegheitene som ligg i administrasjonssystemet Visma flyt barnehage Skule: -Implementere «Strategiplan for digitalisering av oppvekstsektoren» i Kviteseid kommune -Vidareføre kompetansen på språk og språkutvikling frå «Språkløyper» inn i den digitale satsinga -Ta i bruk moglegheitene som ligg i administrasjonssystemet Visma flyt skule og læringsplattforma Skooler Kulturskulen: -Innføre bruk av administrasjonssystem for kulturskulen	Barnehage: -Vi har utarbeida handlingsplan som syner kva for kompetanse personalet er forventa å ha. -Bruk av digitale verktøy var tema på planleggingsdag i august 2020. Særleg fokus på dokumentasjon og inkludering. -Vi gjennomførte barnehageopptaket i 2020 for fyrste gong i Visma. Vi nyttar også Visma til å fakturere. Skule: -Vi har utarbeida handlingsplan som syner kva for kompetanse personalet er forventa å ha. - Stort fokus på opplæring i digitale verktøy gjennom heile året. -Visma nyttast mellom anna som meldingssystem med heimen, til timeplanarbeid og administrasjon av elevar og tilsette. Lærarane har fått opplæring i bruk av Skooler. Bruken er mest aktuell på dei eldste trinna. Kulturskulen: -Dette er ikkje gjennomført.
Kompetanseheving	Barnehage: -Barnehageeigar tilbyr tilsette i barnehagane kompetanseheving i tråd med revidert nasjonal strategi for kompetanse i barnehagane. Det skal	Barnehage: -Ein tilsett tek vidareutdanning innan språk. -Felles planleggingsdag i Vest-Telemark fekk ei alternativ

	<p>særleg oppmodast til utdanning innanfor rettleiing.</p> <p>-Deltok i samarbeidet i Vest-Telemark om ein felles planleggingsdag og to styrarsamlingar i regionen i året</p> <p>-Kompetanseheving i pedagogisk bruk av IKT</p> <p>Skule:</p> <p>-Skuleeigar tilbyr kompetanseheving for lærarane i tråd med kravet i nasjonale føringar og skulane sine behov</p> <p>-Delta i relevante nettverk for ulike faggrupper. T.d. innanfor feltet spesialpedagogikk og rådgjeving.</p> <p>-Skulebasert kompetanseheving knytt til fagfornyninga og digitale kompetanse</p> <p>Kulturskulen:</p> <p>-Kulturskuletilsette deltok på kulturskuledagane i regi av Norsk kulturskuleråd</p> <p>-Tilsette får tilbod om vidareutdanning</p>	<p>gjennomføring grunna Koronasituasjonen. Styrarsamlingar er gjennomført anten som fysiske samlingar eller digitalt.</p> <p>-Planleggingsdag august 2020 handla om pedagogisk bruk av IKT i barnehagen.</p> <p>Skule:</p> <p>-Det er skuleåret 2020-2021 to som tek utdanning innanfor «lærarløftet». - Nettverksamlingar er gjennomført i den grad Koronasituasjonen har gjort det mogleg.</p> <p>-Stort fokus på opplæring i digital kompetanse, framskunda av Koronasituasjonen.</p> <p>Planleggingsdag med fokus på metode for tverrfagleg arbeid.</p> <p>Kulturskulen:</p> <p>-Kulturskuledagane vart ikkje arrangert i 2020.</p> <p>-Ingen tek vidareutdanning inneverande skuleår.</p>
Organisasjonsutvikling	<p>-Det skal leggjast til rette for at tilsette i leiarstillingar på oppvekstsektoren kan ta leiarutdanning</p> <p>-Arbeide for at oppvekstmøta (alle leiarane på sektoren) bidreg til fagleg utvikling</p> <p>-Delta på relevante kurs i leiing</p> <p>Kulturskulen:</p> <p>-Lage ny lokal læreplan med fagplanar der noverande vedtekter blir justert og implementert</p> <p>-Utvikle meir samarbeid med grunnskulen og SFO</p>	<p>-Ein skuleleiar tek rektorutdanning.</p> <p>-Grunna Koronasituasjonen, har vi ikkje hatt høve til å fokusere på fagleg utvikling på leiarmøta, eller kurs i leiing. Mykje tid, særleg vårhalvåret 2020, gjekk til å handtere pandemien. Treffpunkt for alle samla har også vore utfordrande grunna smittevernrestriksjonar.</p> <p>Kulturskulen:</p> <p>-Lokal læreplan blei vedtatt i KMO.</p> <p>-Kulturskulen har hatt tilbod til alle på SFO, uavhengig av om dei er elever i kulturskulen.</p>
Brukarmedverknad	<p>Barnehage:</p> <p>-Gjennomføre brukarundersøking i barnehagane annakvart år. Neste gong i 2020</p> <p>Skule:</p> <p>-Legge til rette for eit aktivt elevråd med reel medverknad i skulekvardagen</p> <p>-Innføre skulemiljøundersøkinga «Spekter»</p>	<p>Barnehage:</p> <p>-Brukarundersøking vart gjennomført hausten 2020.</p> <p>Skule:</p> <p>-Koronasituasjonen har gjeve nye utfordringar for å gjennomføre elevråd, og teke tid frå dette arbeidet.</p> <p>-Vi har etter ei fagleg vurdering avgjort ikkje å innføre skulemiljøundersøkinga «Spekter».</p>

8 Samfunnsutvikling og teknisk drift

Eininga har ansvar for teknisk drift inkl. reinhald på kommunale bygg, eigedomsforvaltning, vegvedlikehald, brann og interkommunalt landbrukskontor, næring og kultur.

8.1 Nærings- og lokalsamfunnsutvikling

Kultur

Rapport handlingsplan 2020

<i>Tiltak</i>	<i>Resultatindikator - resultat</i>
<i>Samarbeide med eksterne aktørar om arrangement.</i>	<i>Auke i aktivitet og attraktivitet</i>
<i>Stimulere lag og foreiningar om å søkje eksterne midlar. Informere om søknadsmoglegheiter</i>	<i>Auke i eksterne midlar. Meir aktivitet.</i>
<i>Handsame søknader om tilskot til lokale kulturtiltak og fleire prosjekt.</i>	<i>Mangfald og aktivitet i kulturlivet</i>
<i>ZuluLAN – dataparty for ungdom i heile Telemark</i>	<i>Auke i aktivitet og attraktivitet for unge. Langsiktig rekrutteringsarbeid. (Avlyst i 2020)</i>
<i>Profileringstiltak for biblioteka i Vest-Telemark (eksterne midlar)</i>	<i>Profileringstiltaka er vidareført på web</i>
<i>Samarbeide med skulen og skulebiblioteket</i>	<i>Samarbeidstiltaka er vidareført</i>

Den kulturelle spaserstokken Telemark fylkeskommune har ansvaret for utdeling av midlane. Innbyggjartalet på dei over 67 år ligg til grunn for tildelinga. Kviteseid kommune søker og mottek årlege midlar. Mange aktivitetar for eldre har blitt stimulert.

Kviteseidhallen er meir populær enn nokon gong tidlegare, og mykje brukt til ulike aktivitetar. Avtala med Kviteseid idrettslag om lengre opningstider på ettermiddag og kveldstid har vore eit godt tiltak som blir vidareført i 2021.

Kviteseid bygdetun. Styret har ansvar for aktivitetar på bygdetunet. Det har vore mindre aktivitet i 2020 grunna koronapandemien.

Kulturnettverk

Vi har eit administrativt kulturnettverk. I dette nettverket er biblioteksjefen, kulturskulerektor og næringssjefen. Lite møteverksemd i 2020.

Kulturmidlar

Kommunen har ei viktig rolle som økonomisk bidragsytar til lag og foreiningar i tillegg til å støtte enkeltpersonar som driv kulturarbeid. Det blei utdelt Kulturmidlar i 2020, men det har vore liten aktivitet grunna koronapandemien.

Næring

Rapport handlingsplan 2020:

Tiltak	Resultatindikator / resultat
<i>Halde fram samarbeidet med:</i> <ul style="list-style-type: none">• Telemarkskanalen Regionalpark.• Telemarksvegen – RV41• Skien-Dalen Skipsselskap• Vandre Telemark• Visit Telemark• Reiselivet/besøksnæringa	<i>Auke i attraktivitet og besøk til regionen</i>
<i>Arbeide vidare med:</i> <ul style="list-style-type: none">• Vidareutvikle Telemark Næringshage• Tilrettelegging av næringsstomter• Stimulere eksisterande og nye verksemder• Ulike samarbeidsprosjekt i Vest-Telemark Som Etablerarkontoret, Stillingslepp, Småbruksprosjektet, Næringskollegiet etc.• Nye attraktive bustadtomter• Tilrettelegging av møteplassar, turstiger• Vårt Lokalsamfunn på Kviteseid skule• Jobbavis i skulen på Kviteseid skule <ul style="list-style-type: none">• Skjenke- og serveringsløyve	<i>Auke i attraktivitet, folketal og arbeidsplassar</i> <i>Auke kjennskap til næringslivet hos dei unge</i> <i>Skape møteplassar</i>

Næringsfond

Av note i årsrekneskapen går det fram kva det er løyvd pengar til frå næringsfonda. Tildeling frå næringsfonda er ein viktig stimulans for etablering og utvikling av arbeidsplassar.

Samfunnsutvikling

Arbeidet med nærings- og samfunnsutvikling er breispektra og knytt til mange ulike små og store prosjekt. Over er nemnt nokon konkrete tiltak.

Skjenke- og serveringsløyve

I tillegg til å tenke næringsutvikling, tek kommunen omsyn til folkehelsa når ein jobbar med desse sakene. Alkoholova er streng og ligg alltid til grunn.

8.2 Landbrukskontoret

Rapport handlingsplan

Delmål for planperioden:

Landbruksplanen har disse hovudmåla:

- Landbruket i kommunen skal medverke til utvikling og verdiskaping samstundes som ein tek vare på miljøet og kulturlandskapet.
- Det skal fokuserast på landbruket som ein totalleverandør av naturbaserte varer og tenester.
- Landbruket skal vere medspelar i ei aktiv bygdeutvikling som sikrar busetjing og næringsutvikling og gode levekår.
- Kommunen skal ha ein landbruksadministrasjon med høg kompetanse som kan vere ein aktiv støttespelar for enkeltbønder og næringsorganisasjonane.

Tiltak	Resultatindikator - resultat
<i>Fortløpande oppdatering av og retting av feil i AR5, landbruksregister, matrikkel og jordregister og oppdatering av areal- og eigedomsregister i jaktssamanheng i samarbeid med plankontoret, Fylkesmannen og Institutt for skog og landskap.</i>	<i>Markarbeidet etter den sentrale oppdateringa av AR5 er gjennomført i 2020 og manuskart sendt til plankontoret, som skal rette karta.</i>
<i>Følgje opp foryngingsplikta i skogbruket med heimel i berekraftforskrifta</i>	<i>Det vart gjennomført 22 kontrollar i 2020.</i>
<i>Aktiv bruk av rentemidlar og nærings- og miljøtilskot. Søkje samarbeid med andre kommunar i Vest-Telemark for å auke aktiviteten på skogkultur.</i>	<i>Auka skogkulturaktivitet.</i>
<i>Delta i EU sitt vassdirektivprosjekt saman med fylkeskommunen, nabokommunar og andre samarbeidspartnarar i vassområda våre.</i>	<i>Landbrukskontoret deltek i arbeidsgruppene i Midt-Telemark vassområde og Nidelva vassområde.</i>
<i>Ajourhald og oppdatering av hjorteviltregisteret</i> <i>Følgje opp vedteken hjorteviltplan</i>	<i>Areal- og eigarlister oppdaterast fortløpande.</i>
<i>Følgje opp buplikt på landbrukseigedomar og saker som gjeld nedsett konsesjonsgrense – sikre gode rutinar for å oppdatere av registera.</i>	<i>Fortløpande oppdatering og årleg kontroll er gjennomført i 2020.</i>
<i>Følgje opp vedteken landbruksplanen for perioden 2014-2017.</i> <i>Oppfølging av Telemark fylkeskommune si landbruksmelding.</i>	<i>Landbruksmeldinga er fasa ut og erstatta av Regionalt næringsprogram for Vestfold og Telemark. Dette er styrande for bruken av dei økonomiske verkemidla.</i>

Utviklinga i næringa over tid

TABELL MED NØKKELINDIKATORAR	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Produksjonstilskot jordbruk (søklarar)	70	67	62	61	57	55	56
Miljøtiltak i jordbruket (1000 kr) (SMIL og drenering)	506	200	190	322	323	347	180
Tilskot til skogbruket (1000 kr)	767	681	501	257	921	443	663
Løyvde BU midlar (1000 kr)	210	0	1100	720	900	680	200

Tabell: Nøkkeltal for utviklinga av landbruket.

Avverkinga i skogbruket har hatt eit auke dei siste åra frå eit snitt på kring 30.000 m³ per år til 37 000 m³ i 2017 og 42 000 m³ i 2018. Som fylje av mellombels liten tilgang på entreprenørar i Brunkeberg og Kviteseid sentrum har avverkinga i 2019 vore noko lågare, kring 29 000 m³. I 2020 var avverkinga attende til den aukande trenden med eit volum på 47 000 m³. Både planting etter hogst og opprusting av skogsvegar vert utført tilfredstillande. Det er liten aktivitet på nybygging av skogsbilvegar. Tilskotsordninga for skogkultur har dei siste tre åra hatt tyngre fokus på ungsogpleie, noko som har ført til auka aktivitet innanfor feltet. Det vart utført ungsogpleie på 1 786 daa i 2020. I tillegg vart det innført eit tidsavgrensa tilskot for ved høge avverkinganskostnader i 2020 som fylgje av corona-pandemien. Det vart utbetalt kr 268 000,- av dette tilskotet i Kviteseid.

Arbeidet med vassområdet Midtre Telemark og Nideleva held fram. Det har vore møteverksemd og landbrukskontoret har delteke aktivt. Tiltak som er gjort til no er i hovudsak kartlegging og prøvetaking. I fyrste omgang må ein kartlegge omfanget og storleiken på problema.

Vilt

Oversikt over viltpåkøyrslar, felling av skadedyr og anna felling av hjortevilt utanom ordinær jakt

	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Kollisjon med bil	3	1	4	3	5	19	11	15
Felt som skadedyr								1
Sjukdom, skader, andre årsaker	1	6	8	8	3	20	2	13
Sum	4	7	12	12	8	39	13	29

Tabell: Avgang på elg utanom ordinær jakt i perioden 2013-2020

I 2020 var det totalt åtte elgar og 16 rådyr som blei påkøyr av bil, der to elgar og sju rådyr ikkje vart funne att eller friskmeldt etter ettersøk. Kommunen har ansvaret for å ta seg av påkøyr og skada hjortevilt utanom ordinær jakt. I tillegg skal kommunen og vurdere og eventuelt felle hjortedyr og bever som gjer skade.

8.3 Teknisk drift og VAR

Teknisk drift leverer sentrale tenester og syter for god infrastruktur både til innbyggjarar, fritidsinnbyggjarar og eigne driftseiningar. Koronasituasjonen i 2020 har sett sitt preg på arbeidet. Ekstra reinhald, god handhygiene, spriting og god avstand har vore tiltak som avdelinga har gjennomført sidan mars 2020. Ved sjukdom med symptom på koronasmitte har tilsette vore heime og det er bruka heimekontor i periodar. For å sikre drift på VA – anlegga har tilsette på teknisk hatt ein driftsgjennomgang saman med Kviteseid rør for å klare å handtere ein smittesituasjon.

Eininga for teknisk drift har ni tilsette som skal drifte og administrere kommunale bygg og VAR, brann, beredskap og kommunale vegar. Det er utfordrande å gjennomføre naudsynt vedlikehald, nye investeringar og drift med små økonomiske ressursar. Det gjer at ein må prioritere strengt i samband med vedlikehald av VA, kommunale bygg og vegar. Resultatet er at etterslepet på vedlikehald vil bli større år for år og brukarar av bygg og vegar må vente på at oppdrag blir gjennomført. Dette fører ofte til kritikk av kommunen.

Kommunen arbeider for å oppretthalde sikker og god vassforsyning, og ha eit funksjonelt avløps- og renovasjonssystem. Driftsoperatørane og teknisk avdeling brukar mykje tid på feilsøking for å finne vasslekkasjar. Dei er ofte vanskelege å finne og ein må leige inn fagpersonar med lytteutstyr og kamera.

I 2020 har fått på plass det meste av digital overvaking. Via eit program WinCC OA kan ein fylgje med på kritiske punkt og produksjon på vassproduksjon og avløpssystemet. Alarmer blir sendt til mobiltelefonane ved feil og ein kan fylgje med via pc. Systemet blir gjort klart for bruk av nettbrett i mars 2021. Saman med Pipelife testar kommunen ut sensorteknologi i kummar for å måle trykk og mengde. Dette er på prøvestadiet men ein har tru på at sommaren 2021 er dette opp på normal drift. Summen av desse digitale investeringane er at ein tidlegare kan registrere lekkasje, ein kan betre innsnevre lekkasjeområdet og det blir mindre arbeid/bilkøyring for å sjekke anlegga.

Ved lekkasjar og brot er strategien å bytte ut fleire lengder med rør og bytte kummar der det er naudsynt. Strategien er å ha alle tilkoplingar i kum framover. Det vart skifta ut ca. 1 000 m med nye rør og ti kummar.

2020 var eit rekordår med tanke på lekkasjar, totalt var det 17 brot/uhell/lekkasjar på vassforsyninga og ein på avløp. Lekkasjane var spreidd utover heile kommunen. Ein reoperasjon av lekkasje treng mykje ressursar og for abonnemnetane mefører det ulempe. Feilsøking, lokalisering, graving, reoperasjon og testing av vassprøver krev mykje mannskap, det tar tid og ein må gjennomføre strenge sikkerheitstiltak. Fleire av lekkasjane har vore langs Rv41 som gjer at ein treng trafikksikring i tillegg. Med eit så stort tal på lekkasjar vil det gå utover andre oppgåver teknisk etat skal utføre.

Teknisk har hatt ein gjennomgang av høgdebassenga ved eit eksternt firma som har filma og kontrollert bassenga. Resultata var gode kommunen har eit godt dokumentasjonsverktøy når mattilsynet skal gjennomføre kontrollar i 2021. Høgdebassenget i Vrødal hadde eit innslag av E-coli våren 2020. Truleg var årsaken lekkasje inn frå Langto aktivitetsområdet som nå er stengt og flytta. Lekkasjen vart tetta i november ved hjelp av injeksjon av tettingsmiddel i fjellet. Gamal vassforsyning ved Hellebroi er lagt ned og det er fjerna utstyr frå bygget. Nytt borhol og basseng har tatt over produksjonen.

Det har vore eit omfattande VA-prosjekt på strekninga Haukom-Kvitsund. Nye rør er lagt i grøfta langs Rv41 samt fem nye kummar. På same tid har ein jobba med å få Statens vegvesen med på å bygge GS-veg på strekninga. Førebels er det ikkje klart kva resultatet blir.

Det store byggeprosjektet i 2020 var omsorgsbustadar på Lundenjordet. To nye utleige leilegheiter, ein avlastingsbustad og fellesareal vart sett opp til ein sum på tolv mill. Kommunen får tilskot frå Husbanken til slike prosjekt. Oppvarming av bygget skjer via jordvarme og solfangarar på taket.

Kommunen fekk 1,1 mill. ekstra koronatilskot til vedlikehald og renovering. Dette var midlar som skulle utløyse ekstra arbeid og som ikkje var ein del av det ordinære budsjettet. Kommunen har bruka midlane på konkrete oppussingsprosjekt og andre naudsynte vedlikehalds oppgåver.

Uteområda ved Kviteseid skule har blitt renovera og har nå fleire aktivitetar tilpassa dei ulike klassetrinna. Prosjektet avsluttast våren 2021 og ein forventar ein del finansiering via spillemidlar.

Kommunen søkte og fekk ekstra midlar (kr. 200 000) frå NVE til flaumsikring. Midlane vart bruka i Dalaåi til reinske elveløpet, fjerne hindringar for vasstraumen og forsterke dei gamle støttemurane

Det er utarbeid reguleringsplan for nytt industriområdet i Brunkeberg. Kommunestyret vedtok å selje området til Morgedal Entreprenør for vidare utvikling. Nytt bustadområdet ved Midtsundåsen vart planlagt og regulera i 2020. Grunnarbeidet startar i 2021 og seks byggeklare kommunale tomter skal vera klare til 1.mai 2021. Arbeidet med ny barnehage har starta opp med lokalisering og grunnundersøkingar. Kommunestyret har vedteke at ny barnehage skal plasserast ved Kviteseidhallen.

Innan veg vart Mossbrua på Kasinvegen prioritera. Forsterking av brukar, nytt rekkverk og nytt slitelag gjer at brua i dag tilfredsstillar krava. Brukara på Moskeibru i Morgedal vart òg forsterka. Flaumen hausten 2020 var utfordrande og det vart mykje skadar på kommunale vegar. Ein opplever at midlar til vedlikehald av vegane ikkje strekker til for å ha ein tilfredsstillande standard. Klimaendringane vil krevje meir førebyggjande tiltak med tanke på nedbørsintensitet og- mengde.

Vinteren 2020 var ein ekstra hard vinter med tanke på strøing. Værforholda gjorde at isen la seg oppå grusen og det var vanskeleg å unngå glatte vegar. Mengde med grus var 1,5 gong meir det som er kontraktsfesta.

Handlingsplan 2020

Mål: *Legge til rette for ein god infrastruktur for innbyggjarar, næringsliv og kommunen si eiga verksemd.*

Tiltak	Resultatindikator/resultat
<i>Gjennomføre prosjekt i investeringsbudsjettet for 2020</i>	<i>Prosjekt er avslutta/vidareført i 2021</i>
<i>Gjennomføre prioriterte tiltak etter vedlikehaldsplan for kommunale bygg</i>	<i>Er ikkje utarbeid plan. Vedlikehald blir utført i tråd med budsjett og ledige midlar</i>
<i>Utbetring av brannstasjon</i>	<i>Anbod utlyst, ferdig sommaren 2021</i>
<i>Bli dyktigare på å dokumentere og vere bevisste kring avvik i kvalitetssystemet og HMS-systemet</i>	<i>Fylgt opp arbeid med Compilo. Innføring i avdelinga vinteren 2021</i>
<i>Vidareføre opplæringsprogram for det frivillige brannvesenet i regi av Vest-Telemark brannvesen.</i>	<i>Brannmannsakpet har gjennomført fleire kurs. Ny betjent på plass i 2020.</i>
<i>Følgje opp føresegnene for vatn og avløp</i>	<i>Fleire abonnentar i 2020. Tetting av vasslekkasjar</i>

<i>Trafikksikker kommune</i>	<i>Utbetring og ljøssetting innkøyringsareal Kviteseid barnehage, nytt GS-kryss v/Moen skule, stenging av Kyrkjevegen i Brunkeberg, rydding av siktlinjer i kryss, «rygg inn» parkeringsskilt, nye sykkelskur, hjertesone v/Kviteseid skule og barnehage</i>
<i>Kommunale vegar</i>	<i>Oppgradering Kasinvegen bru og Moskeibru. Diverse vedlikehald</i>

Kommunen sin kontakt med Vest-Telemark brannvesen skjer gjennom teknisk drift, og ansvaret for beredskapsstyrken ligg framleis lokalt. VTBV prøvar å få til gode og realistiske øvingar for røykdykkane. Planlegging og utlysing av ombygging av brannstasjonen er gjennomført og arbeidet vil starte i 2021.

Tabellen under viser tal og type utrykkingar for brannvesenet i Kviteseid:

Brannutrykkingar	2016	2017	2018	2019	2020
Bilberging E-134	5	4	4	4	3
Bilberging elles	5	1	2	5	2
Midtsundtoppen	3	5	5	8	26
Brann	4	6	7	3	4
Skogbrann	5	4	17	2	6
Pipebrann	0	0	2	1	2
Andre - ABA	12	3+6+14	10+10+3+7	21+2+7+14	5+5+9
Kansellert	0	0	0	0	0
Totalt	34	43	67	67	62

Tabell: Brannutrykkingar

Tabellen fortel oss at det lokale brannvesenet har hatt færre utrykkingar til bilulykker i 2020 enn i 2019, det gjelder spesielt andre vegar enn E134. Det var ein normal sommar med tanke på skogbrann.

Handlingsplan 2020:

Mål: *Ein livskraftig kommune som legg til rette for busetjing og næringsutvikling.*

Tiltak	Resultatindikator7resultat
<i>Følgje opp vedteken strategisk næringsplan for Kviteseid. Samfunnsplan/arealplan</i>	
<i>Halde fram samarbeidet med Telemarkskanalen som Regionalpark</i>	
<i>Følgje opp arbeidet med det interkommunale turvegprosjektet Vandre Telemark</i>	
<i>Plan for Husstøyl</i>	<i>Vedtatt fjerna for å sikre parkeringsareal</i>
<i>Uteområdet Kviteseid skule</i>	<i>Gjennomført, ferdigstillast våren 2021</i>
<i>Bustadområda Midtsundåsen og Stålandsåsen</i>	<i>Reguleringsplan og oppstart nye tomter på Midtsundåsen</i>
<i>Næringsareal Brunkeberg</i>	<i>Reguleringsplan ferdig. Området solgt til Morgedal Entreprenør</i>
<i>Marknadsføre ledige tomter i kommunen</i>	<i>Gjennomført for nytt bustadområdet</i>

8.4 Nøkkeltal for teknisk drift

Tabellen nedanfor syner utviklinga i ein del nøkkeltal for teknisk drift. Me ser at talet på abonnentar innan VAR aukar over tid som følgje av bygging av hus og hytter.

	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
Abonnentar vatn	1354	1389	1408	1433	1483	1492	1527
Abonnentar avløp	1199	1232	1257	1292	1337	1346	1387
Abonnentar renovasjon	2364	2424	2454	2586	2486	2489	2259
Abonnentar feiing (tal på pipeløp)	1361	1402	1396	1471	2594	2609	2703
Tal på bustader for utleige	52	50	49	57	57	57	57
Brann og utrykkingsvern: Utrykkingar per 1 000 innbyggjar	9,3	13,4	13,8	17,6	39,9	23,3	25,5

10. Interkommunalt samarbeid

10.1 Barnevernstenesta

2020 har vore eit spesielt år også for barnevernet. Då Norge stengte ned i mars var meldinga til barnevernet tydeleg om at vi skulle være på jobb, møte familiar og fortsette å vere barn og ungdom sitt sikringsnett. Det har i periodar vore utfordrande, men vi har gjennom heile perioden tatt imot og handtert alle meldingar, akuttsituasjonar og hatt medarbeidarar på jobb som har møtt barn, ungdom og familiar.

Fylkesmannen i Vestfold og Telemark gjennomførte hadde tilsyn med barnevernet sitt arbeid med undersøkingar i 2020. Fylkesmannen avdekket lovbrøt og barnevernstenesta har etter dette gjennomført endringar i rutinar og kontroll med eigen teneste slik at lovbrøt på nytt ikkje skal skje.

Handlingsplan:

Tiltak	Resultatmål
<i>Å bli meir treffsikre på tiltak</i>	<i>95% av undersøkingane innan 3 mnd</i> <i>89% er gjennomført innan 3 mnd</i> <i>Gjennom tilsynet frå Fylkesmannen vart det avdekket at undersøkingar som ikkje førte til tiltak mangla vedtak ved frist for avslutting av undersøking.</i> <i>95% av barn med tiltak skal ha utarbeida plan</i> <i>100% har utarbeidd plan</i> <i>95% skal fylle krav til evaluering</i> <i>99% fyller krav til evaluering</i>
<i>Barns medverknad</i>	<i>Samtale med alle barn i undersøkingar.,</i> <i>Samtale med alle barna som har tiltak. Dersom vi ikkje snakkar med barna skal det vere fatta ei beslutning som begrunnar dette.</i> Gjennom tilsynet til Fylkesmannen kom det fram at barnevernet ikkje hadde mange nok samtaler med enkelte av barna i undersøkingane. Enkelte barn burde ha fått medverka meir og i større grad fått uttale seg om sin situasjon og om eventuelle tiltak.
<i>Bruke eigne tiltak og søke samarbeid med andre om lokale tiltak</i>	<i>Systematisk bruk av COS-P, PMTO, PYC, ICDP,</i> <i>foreldrerådjevingsprogrammet og systematisk miljøarbeid.</i> <i>Samarbeide med kommunane om lokale tiltak som gjev effekt.</i> 15 familiar mottok veiledning gjennom PMTO, COS-P, PYC, ICDP og veiledning med miljøterapeut eller foreldrerådjevingsprogram frå tilsette i BVS.
<i>Gjennomføre tidleg intervensjon for barn i risiko, TIBIR</i>	Det vart gjennomført gjennomførte samlingar og veiledning for TIBIR-kommunane sine foreldrerådjevjar.
<i>Kompetanseheving</i>	Barnevernssamarbeidet i Vest-Telemark har delteke i tjenestestøtteprogrammet som er ei kompetansesatsing Bufdir og Fylkesmannen tilbyr kommunane. Dette vart fullført og avslutta hausten 2020. Saman med ulike faggrupper i Vest-Telemark, Midt-Telemark, Notodden, Hjartdal og Tinn har vi gjennom Cos-p nettverket starta felles

	<p>kompetanseheving. Delar av denne satsinga er utsatt med bakgrunn i pandemien, men er planlagt fullført hausten 2021.</p> <p>Alle tilsette har fått kompetanseheving knytt til temane brukermedverknad, samtaler med barn, barnevern juss og dokumentasjon.</p>
<p><i>Å ha eit godt samarbeid med andre kommunale tenester</i></p>	<p><i>Delta i tverrfaglege samarbeidsfora.</i></p> <p>Vi var fast samarbeidspart og deltek i ulike samarbeidsfora i Vinje, Nissedal, Kviteseid, Tokke og Seljord.</p> <p>Vi besøkte vaksenopplæringane i Seljord og Vinje kommune.</p>
<p><i>Å ha eit godt arbeidsmiljø</i></p>	<p><i>Å ha låg del av sjukefråvær relatert til arbeid</i></p> <p>Det er ikkje rapportert om sjukefråvær knytt til arbeidsmiljø.</p> <p>HMS er tema på personalmøte.</p>

Barnevernreforma

Prosjektet «Forpliktande samarbeid i Midt-, Vest- og Øst- Telemark om Barnevernreforma»

Prosjektet har gjennom 2020 arbeida med mellom ana desse sakene:

- Resursteam, politisk behandling og organisering
- Felles fosterheimsplan for barnevernstenestane
- Felles praksis i arbeid med fosterheimar
- Advokatbistand
- Felles utdanning av PMTO terapeut.
- Felles deltaking i utarbeiding av nasjonal grunnmodell

Nasjonal Grunnmodell

Dei fire barnevernstenestane i prosjektet er med i eit nasjonalt arbeid med utvikling av ein heilskapleg grunnmodell for hjelpetiltak og ettervern. Oppdraget er gjeve frå Bufdir til NUBU, RBUP øst og sør og RKBV-vest. Det er ti barnevernstenester med i arbeidet og prosjektet har fire av desse plassane.

Oppdraget inneheld tre deloppdrag:

1. Utvikling av faglig innhald i grunnmodell for hjelpetiltak for familiar med barn 4-12 år og unge vaksne som trenger ettervern, samt tilhøyrande opplegg for implementering og kvalitetssikring.
2. Utprøving av grunnmodellen med tilhøyrande implementeringsstøtte i barnevernstenestane.
3. Evaluering og justering av modellen undervegs, i tråd med erfaringer frå pilotering, i samarbeid med barneverntenestane og andre relevante aktørar.

Aktivitetsmål for Barnevernssamarbeidet i Vest-Telemark

Meldingar:

	Meldingar 2020	Meldingar 2019	Meldingar 2018	Meldingar 2017	Meldingar 2016
Fyresdal	12	12	4	16	5
Kviteseid	36	19	20	21	17
Nissedal	20	12	21	11	7
Seljord	40	22	36	16	33
Tokke	29	14	15	11	13
Vinje	40	38	32	23	27
SUM :	177 (117)	117	128	98	102

Frå 2020 blir meldingar telt og rapportert til SSB og Statsforvaltar på ny måte. Alle meldingar til barnevernet blir nå telt. Tidlegare var meldingar i aktive saker eller pågåande undersøkingar ikkje telt med i rapportering.

	Melding i aktive saker
Fyresdal	1
Kviteseid	11
Nissedal	2
Seljord	15
Tokke	12
Vinje	16
SUM :	60

Henlagte meldingar:

	Henlagte 2020	Henlagte 2019	Henlagte 2018	Henlagte 2017	Henlagte 2016
Fyresdal	5	0	1	5	0
Kviteseid	3	2	3	3	0
Nissedal	0	1	1	0	1
Seljord	2	5	5	2	4
Tokke	1	2	3	1	2
Vinje	2	8	6	4	4
SUM :	13	18	19	15	11

Undersøkingar

	US 2020	US 2019	US 2018	US 2017	US 2016
Fyresdal	6	12	3	11	5
Kviteseid	22	17	17	18	17
Nissedal	16	12	20	11	6
Seljord	22	16	31	14	29
Tokke	16	12	12	10	11
Vinje	22	27	26	19	23
SUM :	104	96	109	83	91

Barn/ ungdom med tiltak

	Tiltak 2020	Tiltak 2019	Tiltak 2018	Tiltak 2017	Tiltak 2016
Fyresdal	18	19	17	18	15
Kviteseid	26	21	27	24	25
Nissedal	14	11	9	11	17
Seljord	32	33	38	30	32
Tokke	14	16	13	12	18
Vinje	33	33	34	34	33
SUM :	137	133	138	129	140

Kven meldte

Politi	29
Skule	24
Private	22
Mor, far, føresette	27
Barnevern	19
Barnevernsvakt	8
Barnehage	7
Lege, sjukehus Tannlege	11
Helsestasjon/ Skulehelseteneste	8
Psykisk helse	4
Familievern	2
Familie for øvrig	0
Nav	3
Ander offentlege	8
Anonyme	2
Barnet sjølv	0
Foreldre/barnehage	1
Rusomsorga	1
Veileidar	1
Utan grunnlag	0
SUM	177

Aktivitet 2020

	Saker 2020	Tiltak i fam.	Tiltak u fam.	§ 4-12	§ 4-6	Institusjon ungdom	Institusjon foreldre/barn	Beredskapsh akutt inst.	Ungdom over 18 år
Fyresdal	18	13	6	2	0	0	0	0	2
Kviteseid	26	20	7	6	0	0	0	0	2
Nissedal	14	12	5	1	3	1	0	3	0
Seljord	32	26	2	1	1	0	0	1	7
Tokke	14	10	5	4	0	0	0	0	0
Vinje	33	28	5	1	0	0	0	0	4
SUM	137	115	30	15	4	1	0	4	15

- I Vest-Telemark har vi 26 tilsynsbarn. Alle hadde tilsynsperson. Kravet til tilsyn pr. barn er 4 i året. Alle tilsynsbarna fekk oppfylte krav om tilsyn.
- BVS har 21 fosterbarn.
- Alle barn under omsorg har omsorgsplan. Som følge av sakene Norge har hatt i EMD er vi i gang med utarbeiding av nye omsorgsplaner, slik at dei tilfredsstillar nye krav.
- Vi hadde 2 barn/saker til behandling i Fylkesnemnda i høve § 4-12. Vi fekk medhald i desse og barna vart plassera i nettverket.
- Åtte familiar, 9 barn/ungdom, fekk i løpet av 2020 veiledning av innleigd psykolog.


Tilstandsrapport

Frå 2021 blir det endring i lov om barnevernsteneste og alle kommunar skal utarbeide ein årleg tilstandsrapport til kommunestyra. Formålet med tilstandsrapporten er å gje kommunestyra betre innsikt i tilstand, utvikling og viktige problemstillingar i barnevernet. Målet er betre prioriteringar og kontroll i kommunane. Tilstandsrapporten vil erstatte årsmelding.


10.2 NAV

NAV Vest Telemark er eit interkommunalt samarbeid etter kommunelova § 20. Alle kommunane området er med i samarbeidet. Vi er 30 tilsette ved kontoret.


Vi vart etablert 010120 og vi har nå eit års drift bak oss. Året 2020 har vore eit veldig spesielt år på grunn av pandemien. I løpet av ei veke i mars 2020 auka arbeidsløysa med 1000% i vårt område . Den har gått mykje tilbake , men framleis er det mykje større arbeidsløysa ved utgangen av 2020 i Vest –Telemark enn tidlegare år.



Grafen over viser utvikling i arbeidsløysa i kommune i perioden frå 010119 til 311220



Diagrammet over viser sysselsettinga i kommunane. Vi ser at fleire av kommunane ligg over Vestfold og Telemark og heile landet. Vinje kommune som er den kommunen med flest innbyggjarar skil seg positivt ut.



Tabellen over viser brukere som har gått over i arbeid i 2020 i Vest-Telemark og nokre andre utvalgte område. Vi har ikkje tall på kommunenivå.

NAV Vest –Telemark har gjeve mange arbeidssøkerar arbeidsmarkeditiltak i 2020. Vi hadde ei ramme på kr. 8354 000 , men bruka kr . 11 564000. Disse midlane er bruka til å hjelpe arbeidssøkerar til kvalifisering og inkludering i 2020.

Prioritera grupper er unge , personar med helseutfordringar og flyktningar .

Dette er utanom det vi kjøper tenester av Kvito A/S og Idea kompetanse A/S for


I tillegg kjem Varig tilrettelagt arbeid i ordinær virksomhet (VTO), der er det nå 24 stk som har tilbod om arbeid

Sjukefråver

Sjukefråver i Vest Telemark 2020 (tall er i prosent og snitt for året)

Seljord	5,2%
Kviteseid	4,7%
Nissedal	4,0%
Fyresdal	4,3%
Tokke	5,7%
Vinje	4,6%

Mottakarar av uføretrygd : Visar utvikling frå jan 2019 til des 2020



Sosialhjelp antall og kroner

kommune	totalt	Under 30 år	Over 30 år	Sum
Seljord	70	26	44	2723894
Kviteseid	41	11	30	1371063
Nissedal	38	17	21	1450757
Tokke	36	9	27	1035119
Vinje	57	15	42	2096596
Fyresdal	23	6	17	980761

Det er 18 stk som har hatt kvalifiseringsprogram i 2020 , fire av disse har fått ordinært arbeid. KVP er eit veldig bra tiltak som vi må få opp aktiviteten på også i Seljord

Seljord: kr 0
 Kviteseid: kr 252346
 Nissedal: kr 138781
 Tokke: kr 220095
 Vinje : kr 435685
 Fyresdal : kr 523167

Tilsette i NAV Vest –Telemark

Vi er 30 tilsette fordela på stat og kommune. Vi har lokasjonar i kvar kommune og møter brukarane der. I 2020 har mange vore på heimekontor og digital oppfølging av brukarane har vore mykje brukt, men dei som har trong for å møte oss fysisk har fått det.

Vi har hatt eit internt sjukefråver på 2,8 % blant statleg tilsette og 7% blant kommunalt tilsette i 2020. Vi har ikkje hatt arbeidsrelatert sjukefråver.

10.3 Plankontoret

Interkommunalt plankontor utfører lovheimla forvaltingsoppgåver innan arealplanlegging, kartfesting, oppmåling, byggesaksbehandling og utsleppsbehandling. Nissedal kommune er vertskommune for tenesta. Kontoret har disponert 5,15 årsverk til desse tenestene i 2020.

Overordna målsetjingar:

- Kommunen sine planverktøy skal til ei kvar tid vere oppdatert.
- Kommunen skal dekke etterspurnad av aktuell kartfesta informasjon.
- Alle plan-, oppmålings- og byggesaker skal behandlast innanfor kva lova set som maksimal frist.
- Kommunens hovudmål om folketalsvekst skal aktivt understøttast ved planlegging av gode bumiljø.
- Samfunnstryggleik og beredskap skal leggst til grunn i arealplanlegginga.
- Oppfølging og kontroll av gjevne utsleppsløyve for avlaupsvatn.

Tiltak	Resultat
<i>Utarbeide detaljreguleringsplan for Brunkeberg industriområde (33 dekar)</i>	<i>-Reguleringsplanen blei eigengodkjent I kommunestyret 28.05.20 (sak 032/20).</i>
<i>Sluttbehandle nye reguleringsplanar for Midtsundåsen og Stålandsåsen</i>	<i>-Reguleringsplanen for Midtsundåsen nord/aust blei eigengodkjent av kommunestyret 15.10.20 (sak 069/20). Plan for Stålandsåsen måtte setjast på vent grunna varsla motsegner frå Statsforvaltaren og Vegvesenet.</i>
<i>Yte god service gjennom rask og god sakshandsaming</i>	<i>Alle saker innom plan- oppmåling og byggesak blei behandla innom lovfaste fristar.</i>
<i>Oppdatere kommunens heimeside innom byggesak</i>	<i>Byggesaksdelen er oppdatert i ny heimeside.</i>
<i>Gjennomføre tilsyn i byggesaker</i>	<i>Det blei ikkje gjennomført slike tilsyn.</i>
<i>Kontroll av utsleppsløyve</i>	<i>Tre anlegg blei kontrollert.</i>